

NYTT OM NAMN

Meldingsblad for
Norsk namnelag



Redaksjon:

Botolv Helleland (ansv.) (botolv.helleland@iln.uio.no)

Gudmund Harildstad (gudmund.harildstad@iln.uio.no)

Vidar Haslum (vidar.haslum@uis.no)

Redaksjonssekretær:

Klaus Johan Myrvoll (k.j.myrvoll@iln.uio.no)

Utgjevar:

Institutt for lingvistiske og nordiske studium / Namnegransking
Universitetet i Oslo

Nr. 51 – 2010

Redaksjonen vart slutført 1. september 2010

Adresser m.m.

Nettstaden til Norsk namnelag er www.norsknamnelag.no.

Norsk namnelag, Institutt for lingvistiske, litterære og estetiske studium, Universitetet i Bergen, Postboks 7805, 5020 Bergen. Bankgiro: 6501.41.08704. Kontingenten er 200 kroner for året og inkluderer *Namn og Nemne* og *Nytt om namn*.

Tidsskriftet *Namn og Nemne*, Institutt for lingvistiske, litterære og estetiske studium, Universitetet i Bergen, Postboks 7805, 5020 Bergen.
Tlf. 55 58 24 06.

Meldingsbladet *Nytt om namn*, Institutt for lingvistiske og nordiske studium, Universitetet i Oslo, Postboks 1102 Blindern, 0315 Oslo.
Tlf. 22 85 43 78.

INNHALD

LEIAR	
Olav Veka: Internasjonalisering og underskog.....	5
STADNAMNTENESTA	
Terje Larsen: Nytt frå stadnamntenesta	6
Terje Larsen: Klagenemnda for stadnamnsaker	7
Terje Larsen: Framlegget om endring av lov om stadnamn	7
NORMERING OG BRUK AV NAMN	
Olav Veka: Ein defekt i norsk rettskriving II. <i>Heim, Him</i> eller <i>Hiim</i> ?.....	7
Anne Svanevik: Stedsnavn engasjerer	10
Andreas Slettholm: <i>Operatunnelen</i> ble navnet.....	12
To døme frå svensk namnestrind. <i>Fjuckby – Fjukeby</i> i Uppsala. <i>Negern</i> – <i>Tingvallastaden</i> i Karlstad	13
NORNA-NYTT	
V. Haslum og B. Helleland: Vellykket NORNA-symposium i Halden .	15
Andre NORNA-symposium.....	17
ICOS-NYTT	
Internasjonal namnekongress i Barcelona 2011	17
FN-NYTT	
Peder Gammeltoft: Norden Division møte i Uppsala 29. oktober.....	18
Den 26. sesjonen i UNGEGN, Wien 2.–6. mai 2011	18
ANNA MELDINGSSTOFF	
Namnegranskarar rundar år.....	19
Peder Gammeltoft: Stednavneudvalget fylder 100 år.....	20
ARTIKLAR OG INNLEGG OM NAMN	
Martina Zirhutová: Gatenavn i Praha	21
Kolbjørn Aune: Botolv i Butulsbugen. Ei forseinka helsing til Botolv H. på 70-årsdagen	27
Vidar Haslum: <i>Sagmerr</i> og <i>skrukkebu</i> . To ord og fleire stadnamn	29
Kjell Magne Hillestad: Stadnamn i Sogndal – sedde frå Amerika.....	31
Olav Skårdalsmo: Hva er det med Vefsn?.....	32
BOKOMTALAR	
Vidar Haslum: Veneskrift til Botolv Helleland	35
Kolbjørn Aune: Venneskrift til Kristoffer Kruken	39
Olav Veka: Namn i Varteig	41
Finn Myrvang: Sær oppgåve utvida til bok	43
Marit B. Henriksen: Doktoravhandling om samiske navn	45
Olav Veka: <i>Norsk Ordbok</i> i rute	48
Botolv Helleland: Svensk nasjonalatlas om språk.....	51
OMTALE AV MASTEROPPGÅVE	
Olav Veka: Tørst og Barbeint	52

LEIAR

INTERNASJONALISERING OG UNDERSKOG

Internasjonaliseringa går sin gang med internettet som den store pådrivaren i våre dagar med utjamning og utvisking av lokale og nasjonale kulturtrekk som resultat, somme vil seia forflating og kulturtap. Om internasjonaliseringa fører til forflating, kan ein diskutera, men at lokal og nasjonal kultur taper, kan det ikkje rå tvil om. Norsk språk har mist grunnfeste domene i akademiske miljø gjennom bruken av engelsk både som fagspråk og kommunikasjonsspråk generelt, og innslaget av engelske importord i norsk har auka. Likevel syner undersøkingar at norsk daglegspråk slett ikkje er i fare, men norsk som fagspråk er utan tvil i ein pressa og trengd situasjon.

Namn er ein del av norsk språkkultur og skulle såleis verta utsette for det same presset frå internasjonaliseringskreftene, men så langt verkar det som norsk namnekultur held stillinga.

Stadnamna lèt seg knapt påverka av anglofiseringsbølgja, korleis skulle no det kunna gå føre seg, men normering av stadnamn er utsett for ei politisk liberaliseringsbølgje med internasjonalt opphav som overfører større rettar for den einskilde (grunneigaren) i normeringssaker. Her ligg kimen til striden om endring av lov om stadnamn.

Når det gjeld personnamn, har me to store hovudgrupper, etternamn og førenamn. Sidan etternamna til vanleg ikkje vert valde av kvar ny generasjon, er dei mindre utsette for endringar i mote og smak. Dessutan er dei juridisk verna på ein heilt annan måte enn førenamna. Gardsnamn som etternamn har ikkje tapt domene i norsk namnekultur. Det er berre å opna ei tilfeldig avis for å finna døme på kor sterkt denne namnetypen står. I Sverige har me sett tendensar til ei anglifisering av etternamn, typen *Strandman* til *Beachman*, utan at me hittil har kunna registrera liknande tendensar. Snarare tvert om, i avisene les me heller oftare om at folk byter ut eit patronymikon med eit gardsnamn som etternamn, typen *Taraldsen* til *Østabø*, både for å knyta banda tettare til slekta og for å styrkja det individuelle ved etternamnet. Etternamn av gardsnamntype vert framleis av dei fleste nordmenn oppfatta som den 'normale' namnetypen. At denne typen er svært sjeldan internasjonalt, kjenner få til.

Den mest utsette gruppa er førenamn. Dersom me brukar innslaget av opphavleg norske (norrøne) namn blant namn på topp som ein indikator på utviklinga, kan utviklinga verka dramatisk, frå sju av ti blant namn på gutar 1925–1949 til berre eitt, *Magnus*, som mest brukt i 2009. Same utviklinga ser me blant jentename, frå seks i perioden 1925–1949 til eitt i 2009, *Ingrid*. Dersom me skulle gå endå lenger ned i listene, ville me

raskt sjå at jentenamna er klart mest utsette for internasjonale motebølger i valet av namn, i våre dagar t.d. namn av bibelsk opphav.

Det som aldri kjem fram av slike «namn på topp»-lister, er den frodige underskogen av førenamn av anna opphav og andre typar. Personleg kjenner eg ein familie med tre gutar med namna *Ask*, *Bork* og *Yme*. Eit søk i SSBs statistikk viser at desse namna slett ikkje er eineståande, dei viser berre ikkje att på avislistene: *Ask* 648 berarar, *Bork* 33 og *Yme* 8. Dersom ein har litt kjennskap til norrøn mytologi, ville ein knapt førestella seg at eit namn som *Loke* ville ha noka framtid i Noreg, men det stemmer slett ikkje, 165 menn heiter *Loke* i 2009. Slik kunne ein halda fram og finna mange døme på namn i denne underskogen, namn som sjeldan dukkar opp i namneartiklar i massemedium.

Norsk namnekultur held stillinga rimeleg godt i desse internasjonaliseringstidene, men innslaget av namn frå andre språksamfunn har auka sterkt dei seinaste tretti-førti åra i takt med innvandringa, som også førde til at lov om personnamn vart revidert i 2003. Kva innverknad desse innvandarnamna på lengre sikt vil få for utviklinga i norsk namnekultur slik han er framstilt ovanfor, er det i dag for tidleg å seia noko sikkert om.

Olav Veka
olav.veka@gmail.com

STADNAMNTENESTA

NYTT FRÅ STADNAMNTENESTA

Samrådsmøtet for stadnamntenestene i Språkrådet og Statens kartverk vart i år halde i Kristiansand 21.–22. september med Statens kartverk Kristiansand som vertskap. Som vanleg vart det teke opp saker som gjeld normering og fastsetjing av skrivemåte. Eit aktuelt tema i år var adressering og adressenamn. Gjennom året vert det halde kurs i alle fylka i regi av Geoforum med Kartverket og stadnamntenestene som viktige bidragsytarar. Meir utførleg rapport frå møtet kjem i neste nummer av *Nytt om namn*.

Kjersti Bruvoll tok til 1. august som sekretær for namnekonsulentane i Midt-Noreg.

Terje Larsen har 50 prosent permisjon frå stillinga si som sekretær for namnekonsulentane for Austlandet og Agderfylka i perioden 1.8.2010 til 31.7.2011. Ingvil Nordland vikarierer i 60 prosent stilling i same periode.

Terje Larsen
terje.larsen@iln.uio.no

KLAGENEMNDA FOR STADNAMNSAKER

Kulturdepartementet vedtok 3.11.09 at samansetjinga av klagenemnda skulle endrast slik at det skal oppnemnst to faste medlemmer på fritt grunnlag etter forslag fra KS (arbeidsgjevar-, interesse- og medlemsorganisasjonen til kommunane). No er Arne Madland, kommunestyrerepresentant i Klepp, oppnemnd som medlem med Marit Aga Hustvedt, varaordførar i Vindafjord som varamedlem. Nemnda har med dette denne samansetjinga: Marit Halvorsen (leiar), Dag Michalsen (vara og nestleiar), Inge Særheim (nynorsk, vara: Margit Harsson), Tom Schmidt (bokmål, vara: Endre Mørck), Oddlaug Walaker (fritt oppnemnd medlem, vara: Jorunn Vandvik Johnsen), Arne Madland (fritt oppnemnd medlem, vara: Marit Aga Hustvedt), Laila Susanne S. Oskarsson (samisk), Eira Söderholm (kvensk, vara: Anna-Riitta Lindgren).

Terje Larsen
terje.larsen@iln.uio.no

FRAMLEGGET OM ENDRING AV LOV OM STADNAMN

Som meldt i *Nytt om namn* nr. 48 har Stortinget vedteke eit framlegg der Kulturdepartementet blir bede om å endra lov om stadnamn slik at grunneigaren får siste ordet når det gjeld skriftforma av namnet på garden. Departementet melder no at det tek sikte på få sendt ut eit høyringsutkast i haust. Dei legg opp til ei brei høyring, og det vil vera nødvendig å setja av tre månader til sjølve høyringa. Deretter kjem prosessen i departementet, som vil vera avhengig av innhaldet i høyringssvara.

Terje Larsen
terje.larsen@iln.uio.no

NORMERING OG BRUK AV NAMN

EIN DEFEKT I NORSK RETTSKRIVING II

Heim, Him eller Hiim?

I siste nummer av *Nytt om namn* har Arne Torp ein artikkel som godt illustrerer problema ein uheldig rettskrivingsregel medfører for normering av stadnamn. Regelen om dobbelkonsonant i utlyd etter kort vokal,

altså *finn* og *takk* med kort vokal, men *fin* og *tak* med lang vokal, har eit unntak med *m* i utlyd som aldri vert dobbelskriven, altså heller ikkje etter kort vokal som i *lam*. Dette ordet vert dermed tvitydig, og i ei skriftleg framstilling vil berre samanhangen avklara om tydinga er ‘unge av sau’ eller ‘vanfør, nomen’. Etter ein mannsalders undervisning i den vidaregåande skulen har eg likevel aldri observert at denne regelen byr på feller i praksis, kanskje fordi det visuelle varselsignalet mot dobbel-skriving av *m* som i «lamm» er sterkare enn trykket frå hovudregelen om at ordet eigentleg burde skrivast på denne måten. Dobbelt *mm* i utlyd gjev unekteleg eit påfallande inntrykk med alle sine fire bølger samanlikna med ei «enklare» dobbelskriving av andre konsonantar, som t.d. *kk*.

I normering av stadnamn der koplinga mellom skrivemåten og allmennordet kan vera svekt, stiller det seg annleis. Eg skal illustrera denne defekten i rettskrivinga og ei tilhøyrande normeringsutfordring med eit døme frå Suldal.

Garden *Him* eller *Heim* ligg i gamle Sand herad i noverande Suldal kommune. Det rår ingen tvil om uttalen /hi:m/ eller opphavet til namnet, av norrønt *heimr* ‘bustad’. Den eldste skrivemåten frå 1500-talet er <Heim>, seinare varierer det noko, men av dei ni siterte namneformene i *Norske Gaardnavne* (bd. 10, s. 351) under artikkelen *Heim* er fire skrivne <Heim>, den siste i 1723. Før dette året førekjem ikkje den forma slektsnamnet har i dag, nemleg *Hiim*, som altså må byggja på ein nyare uttale /hi:m/ som har slege igjennom og fortrent alternative skrivemåtar som <Heim> og eventuelt den nærliggjande byråkratforma <Hjem>. Oppkomsten av forma <Hiim> som slekts- og gardsnamn kan tyda på at bandet mellom allmennordet *heim* og gardsnamnet har vorte uklårt både for bonden og embetsmenn som førde namnet til boks. Monoftongeringa av *ei* > *i* kan knapt vera eldre enn fyrste halvdel av 1800-talet sidan nabobygda framleis har uttalen /haim/. På den tida rådde den danske rettskrivingsregelen som kravde dobbelskriving av vokalen for å markera lengda.

Namnet er såleis ikkje problematisk språkleg; det er normeringa som byr på ein vriden knute. Det kan me òg sjå av dei varierende formene på kart. Det eldste allmennkartet, *Setesdalen med omliggende heitrukker* med oppmålingar frå midten av 1800-talet (utgjeve i 1919), har forma *Heim*, medan det neste, gradteigskart Sand 1:50 000 frå 1940-åra (trykt 1951), har skrivemåten *Him* etter uttalen, det same i utgåva frå 1956. Den siste er problematisk sidan det av forma er uråd å vita om uttalen skal vera /hi:m/ eller /him:/. På den nyaste kartserien M711 har namnekonsulenten valt å gå attende til den første forma *Heim*. Det er sanneleg ikkje lett å innarbeida ein ny skrivemåte av eit gardsnamn med aksept i lokalkulturen når normeringa hittil har variert på denne måten. Forvirringa vert endå større når me tek med det einaste namnet på kartet som har *Him-* som føreledd:

1919: Heim
 1951: Him, Himsåno
 1956: Him, Himsåi
 M711: Heim, Heimsåna.

Her møter me altså tre varierende skrivemåtar av å ‘lita elv’ i bunden form eintal og to av gardsnamnet. Den klart mest utbreidde forma i dag, *Hiim* som i *Hiimsmoen*, er ikkje representert blant formene på offisielle kart. Eit søk på nettet gjev 1040 treff på *Hiim* og 92 for *Hiimsmoen*, rimeleg nok med flest treff på slektsnamnet *Hiim* og stiftinga *Hiimsmoenkollektivet*. Skrivemåten *Hiim* er ikkje uventa også brukt på det økonomiske kartbladet 1:5000. Namneformene her har ikkje vore normerte på same måte som på M711-serien (no N50) og er ofte meir påverka av uttalen og i nokre tilfelle slektsnamnet eller ein eldre skrivemåte.

Det finst berre to eldre usamansette gardsnamn i Noreg av norrønt *heimr*, *Him* i Sand og *Heim* i Hemne i Sør-Trøndelag. Det siste vert uttalt /heim/ og skrive *Heim*, også som slektsnamn med 242 berarar, altså utan normeringsproblem. I Ringsaker vert diftongen i *heim* monoftongisert som i gardsnamnet *Hemma*, visstnok fleirtal av norrønt *heimr*, i talemålet /hem:/. Ei normalisering av *Hemma* til **Heima* er ikkje aktuell.

Namnekonsulenten for Vestlandet har ikkje noka lett oppgåve når kartet skal reviderast. Lokal språkkultur er i fokus, og det vil ikkje vera enkelt å få aksept for ei normalisering av /hi:m/ til *heim* i gardsnamnet *Heim*. Stiftinga *Hiimsmoenkollektivet* vil knapt ta omsyn til ei slik namneendring, og med presset frå dette namnet og slektsnamnet *Hiim* kan ein igjen risikera at kartforma berre vil verta ei papirform. Uheldig og inkonsekvent som det kan tykkjast, vil truleg den beste løysinga vera å gå attende til namneforma *Him* frå 1950-åra og *-åna* frå M711 i det samansette *Himsåna*. I *Stadnamn i Rogaland* (2007) brukar Inge Særheim også skrivemåten *Him* (s. 101).

Det er lettare å leva med ei skriftform med uklar vokallengd enn ei normalisering som bygdefolk vil tykkja både er framand og ukjensleg.

Olav Veka
 olav.veka@gmail.com

STEDSNAVN ENGASJERER

På bakgrunn av lederartikkelen «Navnekonsulentenes jakt på en R» i *Nasjonen* 20. august ønsker Statens kartverk å redegjøre for saksgang og ansvarsforhold ved saker om skrivemåten av stedsnavn og opplyse om formålet med dette arbeidet.

Først litt om *Forra*-saken, som er bakgrunnen for lederartikkelen. For elvenavnet *Forra* ble det først gjort vedtak om skrivemåten *Fora* i samsvar med navnekonsulentenes tilråding. De rådet oss til å følge stedsnavnlovens hovedregel for skrivemåten av stedsnavn (ta utgangspunkt i lokal nedarvet uttale og skrive navnet i samsvar med gjeldende rettskrivningsprinsipper).

Som vi alle vet, var dette et omdiskutert vedtak, og vedtaket ble påklaget. Klagesaken endte med at det første vedtaket ble omgjort. Klagerne fikk medhold etter en totalvurdering der hensynet til lokal identitet, skriftradisjon og utbredt lokal uttale ble avgjørende.

At ikke alle er glade for dette vedtaket heller, som det går fram av debattinnlegg på internett, viser at slike saker er kompliserte, og at det ikke er én opplagt «sannhet». Når det er tatt opp sak om skrivemåten av et stedsnavn, er vedtaksorganet (her Statens kartverk) pålagt å gjøre vedtak etter at saken har gått sin gang gjennom høring i lokalsamfunnet og tilråding fra Språkrådets stedsnavntjeneste (navnekonsulentene). Vedtaket gjøres ut fra en totalvurdering og ut fra skjønn, som i forvaltningsaker ellers. Og ikke sjelden skjer det, slik som i *Forra*-saken, at argumentene i klagerunden er så tungtveiende at Kartverket gjør om det opprinnelige vedtaket.

Selv om mange avgjørelser i navnesaker ender med at ikke alle er enige, er likevel ett viktig mål nådd: *én skrivemåte er fastsatt for navnet*. I *Forra*-saken ble det den skrivemåten som var ønsket av kommunen og lokalmiljøet.

Hvorfor er det viktig med én offentlig skrivemåte? Flertallet av norske stedsnavn har bare én skrivemåte i offentlig bruk. Den er registrert i Sentralt stedsnavnregister (SSR) hos Statens kartverk og vil ikke bli gjenstand for navnesak etter lov om stadnamn. Men i mange tilfeller finner vi flere skrivemåter av ett og samme navn – på kart, skilt, i registre osv. (f.eks. *Soknedalen/Sokndalen* i Midtre Gauldal kommune, *Låkåtjønna/Låkkårtjønna* i Melhus kommune). Lovens mål er å rydde opp i dette. I vår tid, med tiltakende bruk av stedsnavn som søkekriterium på GPS, nettsider og i AMK-sentralenes virksomhet, er dette svært viktig. Ved siden av målet om én offentlig skrivemåte av ett og samme navn, dvs. en skrivemåte som er praktisk og tjenlig, skal loven også medvirke til kjennskap til og aktiv bruk av navnene. Formålsparagrafen sier også at stedsnavnene skal tas vare på som kulturminner.

Stedsnavn er kulturminner. Tradisjonelt har stedsnavn oppstått ved at folk har brukt et språklig uttrykk om et sted gjennom en viss tid, slik at uttrykket har festet seg som navn på stedet. Fordi norske stedsnavn kan være opptil to tusen år gamle, og i eldre tid ble overført muntlig fra en generasjon til den neste, har de gjennomgått en utvikling som kan gjøre dem vanskelige å tolke ut fra moderne norsk språk. Noen kan synes rare for oss i dag, slik lederartikkelen gjør et poeng av, uten at de skal endres av den grunn.

Fastsettelse av skrivemåten av stedsnavn i Norge har lenge vært en offentlig sak. I moderne tid startet det med skrivemåten av gårdsnavn i matrikkelen (eiendomsregisteret) av 1838, der mange navn fikk en skrivemåte med moderat tilnærming til norsk uttale, til tross for at denne tidsperioden fortsatt hadde ren dansk rettskrivning i skriftspråket ellers.

Et nytt skritt i retning av norske former ble tatt med matrikkelen av 1886. Fra sist på 1800-tallet var det utnevnt statlige navnekonsulenter som blant annet skulle kontrollere og gi råd om skrivemåter av stedsnavn på kart, stedsnavn som kunne ha mange ulike skrivemåter ut fra skriverens oppfattelse av navnet og varierende normeringssystemer. Målet deres var å finne en skrivemåte som var korrekt i forhold til navnets opphav og uttale.

I 1990 fikk Norge en egen lov, lov om stadnamn, som regulerer hvordan skrivemåten av stedsnavn skal bestemmes og hvordan det offentlige skal bruke stedsnavn. Loven fordeler ansvaret for navnevedtak mellom kommunene, fylkeskommunene og Statens kartverk. Kommunene vedtar offisiell adresse og skrivemåte av navn på tettsteder, grender, kommunale gater, veier, torg, bydeler, boligfelt, anlegg osv., fylkeskommunene bestemmer skrivemåten av navn på fylkeskommunale anlegg og lignende, og Statens kartverk gjør vedtak på andre stedsnavn dersom ikke annet er fastsatt i lov eller forskrift.

Med denne loven ble det også opprettet regionale stedsnavntjenester med navnekonsulenter knyttet til universitetene i Oslo, Bergen, Trondheim og Tromsø. Navnekonsulentene er blant Norges fremste navneforskere. Stedsnavntjenestene hører organisatorisk inn under Språkrådet og skal blant annet gi råd til offentlige organer i stedsnavnspørsmål. På samme måte som arbeidet i Stedsnavntjenesten er regionalisert, har Statens kartverk lagt ansvaret for vedtak i navnesaker ut til de enkelte fylkeskartkontorene – nettopp for å ivareta den lokale forankringen.

Anne Svanevik
Statens kartverk
anne.svanevik@statkart.no

*Dette innlegget stod opphavleg på prent
i Nationen 25. august 2010.*

OPERATUNNELEN BLE NAVNET

Engasjementet har vært høyt blant Aftens lesere. Men til slutt var det Operaen som fikk æren av å skjenke navn til Oslos nye tunnelsystem.

– Det er helt strålende, sier en jublende glad operadirektør Tom Remlov.

Totalt 6146 har sagt sin mening om hva som bør bli det nye felles navnet på Festningstunnelen, Ekebergstunnelen, Svartdalstunnelen og senketunnelen i Bjørvika. *Operatunnelen* havnet på en soleklar førsteplass, med 47,1 prosent av stemmene.

– Ja, hva annet kunne tunnelen egentlig hete? *Bjørviktunnelen* er kronglete og vanskelig for utlendinger, og *Sentrumstunnelen* og *Fjordbytunnelen*... nei, de synes jeg ikke noe om. Selv om jeg var upartisk, ville jeg kalt tunnelen opp etter Operaen, sier operadirektør Tom Remlov.

Også byens ordfører Fabian Stang er glad for valget til Aftens lesere.

– Operaen er blitt en attraksjon både inne og ute, og nå får vi en påminnelse om det flotte kulturbygget vårt også når vi kjører under bakken. Kanskje det vil trekke enda flere til Operaen, spekulerer Stang.

Dette er første gang Statens vegvesen har trukket avislesere inn i navnegiving av tunneler. Veivesenets Oslo-direktør Lene Mürer ser ikke bort fra at det skjer igjen.

– Nei, dette har vært en spennende prosess for oss, og det er gledelig at så mange har engasjert seg. Det viser at det var en god idé å ta med publikum på avgjørelsen, sier Mürer.

Også hun er fornøyd med beslutningen.

– Operaen er byens og egentlig hele Norges stolthet, og nå er vi med på å bygge opp under dette flotte kulturbygget. Beliggenheten er også perfekt, ettersom senketunnelen, som er kjernen i systemet, går rett under Operaen, sier Mürer.

Navnevalget skiller seg kraftig ut i norsk tunnelhistorie.

– De aller, aller fleste tunnelene i Norge har navn etter steder, selv om «Spiralen» i Drammen skiller seg fra denne normen. Men dette er etter det jeg vet den første tunnelen som får navn etter en bygning, sier Mürer.

– Nå går vi i gang å produsere skilt, som skal være klare til åpningen av senketunnelens vestgående løp i midten av september. Da vil det være klart for alle at man kjører inn i Operatunnelen, enten man kommer fra Ryen, Lodalen eller Frognerstranda, sier Mürer.

De fem navnene som fikk flest stemmer, var *Operatunnelen* 47 prosent, *Bjørviktunnelen* 34 prosent, *Sentrumstunnelen* 12 prosent, *Fjordbytunnelen* 5 prosent. Andre navn som ble foreslått, var *Christianatunnelen*, *Hallvardtunnelen*, *Oslo storveier*, *Det store under*, *Akertunnelen*, *Ormen lange*, *Bispetunnelen*, *Osloslangen*, *Øst-vesttunnelen*, *Langdraget*, *Oslobiltunnelen*.

(Det kan legges til at det er Statens kartverk som formelt gjør vedtak om skrivemåten av tunnelnavn på stamveinettet.)

Andreas Slettholm
andreas.slettholm@aftenposten.no

*Artikkelen har stått på trykk i Aftenposten 24. juni 2010,
her attgjeven med løyve frå avisa.*

TO DØME FRÅ SVENSK NAMNESTRID

Fjuckby – Fjukeby i Uppsala

Med anledning av er begäran om yttrande i rubricerade ärende får Institutet för språk och folkminnen/SOFI anföra följande:

Några boende på orten Fjuckby i Ärentuna socken önskar att ortnamnets stavning skall ändras till *Fjukeby*. Den nuvarande stavningen fastställdes 1952 på förslag av dåvarande Ortnamnskommissionen. Skälet var att *Fjuckby* bättre motsvarade det lokala uttalet av namnet, upptecknat i socknen 1935, än den tidigare officiella stavningen *Fjukeby*. (Något *-e-* finns inte i uttalet.)

Namnet är mycket gammalt och uppträder i skrift så tidigt som 1319, då det skrivs *Fiukaby*. Det har tolkats som samhörigt med det dialektala verbet *fjuka* 'häftigt blåsa omkring, yra'. Från medeltiden och framåt varierar namnets stavning kraftigt med ett tiotal olika skrivningar, vilket ingalunda är ett ovanligt fenomen under äldre tider. Det är först i början av 1900-talet som – i anslutning till den svenska stavningsreformen 1906 – enhetliga principer börjar tillämpas för den officiella stavningen av ortnamn. Det är också då som *Fjukeby* blir den skrivning namnet får i jordregistret (och som sedan ändras 1952). På dåvarande generalstabskartan skrivs namnet redan *Fjuckby*. Detsamma gäller redovisningen i «Förteckning å städer, köpingar, gårdar m.fl. orter i Sverige», utgiven av Generalpoststyrelsen och Telegrafstyrelsen 1909. Även dess efterföljare Svensk ortförteckning redovisar genomgående namnet som *Fjuckby* under hela 1900-talet. Typiskt för dessa förteckningar är att de mycket troget speglar det lokala namnbruket.

Det är således uppenbart att dagens officiella stavning har en hävd som går minst hundra år tillbaka (vid sidan om jordregistrets variant). Någon motsvarande hävd finns inte för det i skrivelsen önskade *Fjukeby*. Enligt kulturminneslagens paragraf om god ortnamnsred skall hävdvunna ortnamn inte ändras utan starka skäl. SOFI:s bedömning är att de

antydna associationerna till «vissa könsrelaterade aktiviteter» inte utgör sådana starka skäl.

[Lantmäteriet tyckte och beslutade att namnet inte skulle ändras.]

Leif Nilsson,
namnvårdskonsulent
leif.nilsson@sofi.se

Negern – Tingvallastaden i Karlstad

På onsdagen (23.9.2009) fattade stadsbyggnadsnämnden i Karlstad beslut om att stryka namnet *Negern* på ett kvarter i staden. Ändringen görs efter omfattande påtryckningar från olika grupper. Redan 1985 var frågan uppe i kommunfullmäktige om att namnet skulle slopas – då avslogs motionen. Under den senaste tiden har kritiken vuxit mot namnet och på onsdagen beslutade stadsbyggnadsnämnden att ta bort namnet. Den ideella organisationen Centrum mot rasism har engagerat sig i frågan och överlämnade en protestlista till kommunen under onsdagsförmiddagen. Kitimbwa Sabuni, medlem i Afrosvenskarnas riksförbund, är en av initiativtagarna till protesten mot namnet.

– Det var en enig nämnd som fattade beslutet om att ta bort namnet, säger Sabuni till DN.se. Håkan Holm (S) är ordförande i stadsbyggnadsnämnden i Karlstad.

– Vi tycker inte att man kan ha ett kvartersnamn som människor känner sig kränkta av, säger han. Men det finns de som inte alls störs av ett namn som *Negern*, exempelvis KD:s gruppledare i Karlstad, Peter Kullgren.

– Namnet borde ha fått vara kvar, säger han till TT. Det är ett gammalt namn, och om vi fortsätter med att ta bort namn som vissa känner sig kränkta av så kommer vi i framtiden att ha en ofantligt fattig kulturhistoria. Peter Kullgren konstaterar att kvarteret fick namnet alldeles efter att amerikanska inbördeskriget, och till stor del även slavhandeln, tagit slut.

Nu kommer kvarteret att heta *Tingvallastaden*, följt av en numrering, till exempel 3:10.

Kvarteret namngavs 1866 efter att stora delar av Karlstad brunnit.

*Henta or Dagens Nyheter's nettutgåve,
publisert 23. september 2009*

NORNA-NYTT



VELLYKKET NORNA-SYMPOSIUM I HALDEN

Som nevnt i forrige nummer av *Nytt om namn* skulle NORNAs 39. symposium holdes på Fredriksten festning i Halden 11.–13. mai 2010. Symposiet ble avvirket etter programmet og samlet rundt førti deltakere. Til sammen seks land var representert. Symposiet bød på mange spennende foredrag innen det oppsatte tema, «Etymologiens plass i navneforskningen». Tom Schmidt var leder for arrangementskomiteen og ønsket velkommen. Følgende foredrag ble holdt:

Thorsten Andersson: «Etymologins ställning inom namnforskningen – en överblick». Adam Hyllested: «Hvad betød *finōn-? Om folke- og fiskenavne i Norden». Klaus Johan Myrvoll: «Skaldedikt som kjelda til etymologi og ljodleg vokster av norske namn». Bent Jørgensen: «Etymologi i dansk stednavneforskning. Nødtigt men gerne». Harald Bjorvand: «Stedsnavn og etymologi». Vidar Haslum: «På sporene av en tapt språkkompetanse. Språklig rekonstruksjon i et onomastisk perspektiv». Andrew Jennings: «The name *Shetland*». Arne Kruse: «*Unst, Yell and Fetlar* – Germanic Names?». Staffan Fridell: «Kring namnet *Tjust*». Lenart Elmevik: «Att våga eller inte våga – ett dilemma vid försök att tolka gamla ortnamn av dunkelt ursprung». Birgit Falck-Kjällquist: «*Härnäs(et)* och *Kåvra* – två kustnamn i Stångenäs härad, Bohuslän». Oddvar Nes: «Etymologisering i *Norske Gaardnavne*. Om utgjevarane og deira arbeid». Stefan Jacobsson: «Fornnordiska mansnamn med *ōn*-stamsböjning». Michael Lerche Nielsen: «Mellem Gerlev og Gultentorp. Om tolkning af personnavneforled i dansk stednavneforskning». Svante Strandberg: «Etymologins plats i hydronymisk forskning». Nicolai Peitersen: «Smør og ost i nordeuropæiske stednavne. En gennemgang af etymologien bag ordene smør og ost og eksempler på tidlige, nordeuro-

pæiske stednavne, hvori disse indgår». Margit Harsson: «Om *Idd* og *Enningdalen*». Peder Gammeltoft: «*DigDag* – en forskningsinfrastruktur for stednavne». Til slutt gav Ole-Jørgen Johannessen en oppsummering. Inge Særheim hadde meldt avbud, men foredraget hans, «Våre eldste stadnamn – viktige språkhistoriske kjelder», vil bli trykt sammen med de øvrige bidragene. Så nå er det bare å vente på rapporten fra symposiet. Den er tenkt utgitt i 2011.



Symposielederen Tom Schmidt og omviseren Magne Rannestad foran monumentet over Karl 12. (Foto: Vidar Haslum)

Alt den første ettermiddagen tok Magne Rannestad deltakerne med på en interessant omvisning på festningsområdet. Med tallrike svensker til stede ble det naturlig nok en viss diskusjon om hvem som avfyrte kulen som tok livet av Karl 12., men noen endelig løsning ble ikke satt fram. Og den kompetente omviseren gjorde sitt til at diskusjonen nok vil fortsette, også på dette punktet.

Vidar Haslum
vidar.haslum@uis.no

Botolv Helleland
botolv.helleland@iln.uio.no

ANDRE NORNA-SYMPIOSIUM

Nordisk samarbeidsnemnd for namnegransking (NORNA) melder at det 40. NORNA-symposiet vert arrangert i desse dagar, meir nøyaktig frå 29. september til 1. oktober, i Älvkarleby vid Dalälven i norra Uppland. Det har tittelen *Binamn – uppkomst, bildning, terminologi och bruk*. Det 41. NORNA-symposiet vert halde 2.–4. juni 2011 ved Føroyamálsdeildin ved Fróðskaparsetur Føroya i Tórshavn med tittelen *Navne i kystkulturen*. Og så kan Forskningscentralen för de inhemska språken i Helsingfors invitera til det 42. NORNA-symposiet i perioden 10.–12. november 2011, med *Namn i stadsmiljö* som tema. Meir informasjon finn du på heimesida til NORNA: www2.sofi.se/NORNA/NORNAnews.html. (Ein kjem enklast fram med å «googla» på NORNA.)

ICOS-NYTT

INTERNASJONAL NAMNEKONGRESS I BARCELONA 2011

Den 24. internasjonale namnegranskarkongressen (ICOS-kongressen) skal haldast ved Universitetet i Barcelona, Spania, 5.–9. september 2011. Hovudemnet er *Names in daily life* (Namn i dagleglivet). Dette emnet er delt opp i tolv undergrupper: 1. Terminologi, 2. Onomastisk teori, 3. Onomastikk og lingvistikk, 4. Namn i samfunnet, 5. Personnamn, 6. Stadnamn, 7. Onomastikk og historie, 8. Onomastikk og geografi, 9. Onomastikk og kultur, 10. Kartografi og stadnamn – nye plattformer for informasjonshandtering, 11. Onomastikk og normering, og 12. Katalansk onomastikk.

Her skulle det vera noko for kvar smak og interesse. Påmelding med føredrag innan 15. desember 2010 på e-brev til info@barcelona.onomastica.cat saman med eit samandrag på opp til 2000 teikn. Også språka er det mange å velja mellom: katalansk, spansk, engelsk, tysk, fransk og oksitansk. Sjå elles <http://barcelona.onomastica.cat/en/circulars>.

Styret i ICOS har nyleg sendt ut rundskriv 19 datert september 2010, og der er også programmet for kongressen omtala. Elles har rundskrivet med referatet frå styremøtet i Glasgow 2.–3. juli 2010. Sjå heimesida til ICOS: www.icosweb.net.

BH

FN-NYTT

NORDEN DIVISION MØDE I UPPSALA 29. OKTOBER

De nordiske lande står stærkt i de Forenede Nationers stednavnesamarbejde, UNGEGN – United Nations Group of Experts on Geographical Names –, ikke mindst på grund af at de nordiske lande er samlet i deres egen UNGEGN division, nemlig Norden Division. Det årlige Norden Division møde afholdes i år i Uppsala d. 29. oktober. Mødet afholdes i forbindelse med et interessant arrangement, nemlig fællesmødet mellem ICOS og UNGEGNs terminologigrupper og et deraf foranlediget minisymposium 27.-29. oktober.

Mødet i Uppsala er det første møde siden UNGEGN sessionen i Nairobi i maj 2009, hvor Norden Division afholdt det årlige møde i en pause i sessionsmøderne.

På dette års Norden Division møde har vi foreløbigt aftalt følgende dagsorden: 1. Formanden byder velkommen; 2. Valg af referent; 3. Godkendelse af dagsorden; 4. 26th UNGEGN session i 2011; 5. Implementeringen af INSPIRE og EGN servicen i Nordic Divisions område; 6. Norden Division projektidé: database/applikation over nordiske minoritetsnavne; 7. Norden Division hjemmeside; 8. Næste Norden Division møde; 9. Evt.

For mere information om Norden Division, UNGEGN og deres virke, kan Norden Divisions hjemmeside anbefales: <http://nordendivision.nfi.ku.dk>.

Peder Gammeltoft
gammelt@hum.ku.dk

DEN 26. SESJONEN I UNGEGN, WIEN 2.–6. MAI 2011

På den 25. sesjonen i UNGEGN (United Nations Group of Experts on Geographical Names) i Nairobi, Kenya, vart det vedteke at den 26. sesjonen skulle leggjast til Europa. No har FN-sekretariatet fastsett at møtet vert lagt til Wien i dagane 2.–6. mai 2011.

BH

ANNA MELDINGSSTOFF

NAMNEGRANSKARAR RUNDAR ÅR



I det nokso runde året 2010 hev tvo norske namnegranskarar runda kvar sin milestolpe. Fyrsteamanuensis Botolv Helleland fylte sytti år den 9. juni, og professor Kristoffer Kruken fylte seksti år den 18. august. Båe er tilknytte Institutt for lingvistiske og nordiske studium ved Universitetet i Oslo, Helleland med hovudvekt på stadnamn og Kruken med hovudvekt på personnamn. Helleland vart hylla med skriftet *Botolv – onomastikkens harding*, medan Kruken vart hylla med skriftet *Kristoffers namnerike* (båe er umtala i dette nummeret av *Nytt om namn*).

Det er no berre tvo og ei halv vitskapleg stilling ved namnegranskingsdeildi på ILN. Helleland hev sagt seg viljug til å halda fram som emeritus, både for å fylgja upp prosjekt han er med i, og for å kunna taka seg av oppgåvone som namnekonsulent og redaktør av *Nytt om namn*.

KJM

STEDNAVNEUDVALGET FYLDER 100 ÅR

For præcis 100 år siden – i 1910 – blev det danske Stednavneudvalg oprettet. En af hovedinspirationskilderne til udvalgets opståen kom fra Norge, fra det monumentale værk *Norske Gaardnavne* og ikke mindst udvalget der forestod udgivelsen. I årene inden udvalgets oprettelse havde fortalere for et dansk udvalg for stednavnes udforskning og normering været i både Norge og Sverige for at studere lignende skandinaviske institutioner. Fortalernes arbejde bar frugt, og d. 13. Juli 1910 fødtes Stednavneudvalget, der dels havde til formål at normere stednavne til brug for statsinstitutioner og dels at udgive *Danmarks Stednavne*.

For at fejre Stednavneudvalgets jubilæum afholder Stednavneudvalget og Nordisk Forskningsinstitut i fællesskab en række arrangementer. To arrangementer blev afholdt i foråret – resten afholdes i efteråret, hhv. 23. september og 29. oktober.

Stednavneudvalgets jubilæumsarrangementer er følgende:

Torsdag d. 11. marts 2010: Rikke Steenholt Olesen: «Forskerens fantasi og tanke. Dansk stednavneforskning før 1910», Michael Lerche Nielsen: «Fra Baldersbrønde til Jutsmose og Tudeå til Tølløse. Nedslag i danske stednavnes tolkningshistorie».

Torsdag d. 6. maj 2010: Lisbeth Eilersgaard Christensen: «Stednavne og arkæologi», Johnny G. G. Jakobsen: «Stednavne og landskab».

Torsdag d. 23. september 2010: Birgit Eggert: «Hvorfor hedder vi dog sådan? Dansk personnavneforskning i et 300-årigt perspektiv», Susanne Vogt: «Personnavne i stednavne og stednavne i personnavne».

Fredag d. 29. oktober 2010: Bente Holmberg: «Stednavneudvalget før, nu og i fremtiden», Bent Jørgensen: «Udsyn til fremtiden».

Ved sidstnævnte seminar afholdes også selve jubilæumsfesten for Stednavneudvalget, hvor alle er velkomne. Information om jubilæumsfesten og om Stednavneudvalgets virke kan findes på udvalgets hjemmeside: www.stednavneudvalget.ku.dk.

Her, 100 år senere arbejder Stednavneudvalgets stadigvæk med autorisation af stednavne og udgivelse af *Danmarks Stednavne*, et arbejde der ikke er væsenforskelligt fra det de første medlemmer af Stednavneudvalget udførte. Et bedre omdømme kan man vel næppe give et relevant og velfungerende udvalg.

Peder Gammeltoft
gammelt@hum.ku.dk

ARTIKLAR OG INNLEGG OM NAMN

GATENAVN I PRAHA**Innledning**

Norges gate, Snøklokke-gate, Golf-gate og Geite-gate er noen eksempler på gatenavn i Praha, hovedstaden og den største byen i Tsjekkia. Det finnes ca. 6600 ulike gatenavn i byen (Lašťovka og Ledvinka 1998, s. 15). Gatene er oppkalt blant andre etter tsjekkiske konger, presidenter og forfattere, europeiske land og byer eller ulike planter. Både T. Roosevelt, C. de Gaulle, W. A. Mozart og L. N. Tolstoj har hver sin gate i Praha. Noen navn går tilbake til middelalderen og viser daværende tendenser i gatenavngiving, mens andre er mye yngre. Ca. 3000 av Prahas gater har byttet navn i løpet av de siste århundrene, noen flere ganger. Opletalova ulice (Opletals gate) har byttet navn oftest – den har hatt fjorten forskjellige navn (Lašťovka og Ledvinka 1998, s. 19–20).

Gatenavnene er knyttet til byens utvikling og Tsjekkiyas historie. De ble påvirket av alle de viktige historiske hendelsene, og de store politiske eller ideologiske forandringene førte som regel til gatenavneendringer. Før vi ser nærmere på de viktigste navnegruppene og tendensene i Prahas gatenavngiving, kan det være verdt å si noe om byens og landets geografi og historie.

Praha ligger ved elven Vltava (Moldau) i Böhmen, én av de tre historiske landskapene som utgjør Den tsjekkiske republikk (de andre er Mähren og Schlesien). Byen ble grunnlagt på slutten av 800-tallet og ble raskt setet for kongene av Böhmen. Den blomstret i det 14. århundre under kong Karel IV, som også var keiser av Det tysk-romerske rike. Han lot bygge blant annet St. Vitus-katedralen – den eldste gotiske katedral i Sentral-Europa, Karlsbroen og Karlsuniversitetet, Sentral-Europas eldste universitet. På den tiden var Praha Europas tredje største by.

På grunn av flere epidemier, hungersnød og krig begynte kongedømmet å bryte sammen, og de tsjekkiske landskapene kom under habsburgerne i 1526. På grunn av den katolske kirkens dominans gikk et stort antall protestanter i landflyktighet på den tiden. Senere ble landet en del av keiserdømmet Østerrike og Østerrike–Ungarn, og selv om det bestod i navnet som et separat kongedømme, ble det i realiteten styrt fra Wien.

Den selvstendige republikken Tsjekkoslovakia med hovedstaden Praha ble opprettet i 1918 som følge av Østerrike–Ungarns oppløsning etter første verdenskrig. Som det eneste velfungerende demokratiet i Sentral-Europa i mellomkrigstiden var landet preget av politisk stabilitet og økonomisk fremgang, men også av interne stridigheter mellom de ulike etniske gruppene. Under andre verdenskrig ble Tsjekkoslovakia

okkupert av Tyskland, og etter statskuppet i 1948 ble landet et kommunistisk «østblokkland» under sovjetisk kontroll.

Som følge av den såkalte fløyelsrevolusjonen i 1989 brøt det tsjekkosllovakiske kommunistpartiets diktatur sammen og ble erstattet av en demokratisk valgt regjering. I 1993 ble landet delt på fredelig vis til republikkene Tsjekkia og Slovakia.

Gatenes generelle språklige karakteristik

Tsjekkiske gatenavn som er oppkalt etter sin beliggenhet i byen i forhold til et annet sted, har ofte en preposisjon i navnet. De mest brukte preposisjonene er *k* (til), *nad* (over), *pod* (under), *mezi* (mellom), *u* (ved), *za* (bak) og *v* (i). Eksempler på gatenavnene av denne typen er *K lesu* (Til skogen), *Mezi potoky* (Mellom bekker), *Na palouku* (På engen), *Pod vrcholem* (Under toppen), *U nemocnice* (Ved sykehuset), *Za kapličkou* (Bak kapellet).

Gatenavnene uten preposisjoner er som regel laget av et adjektiv og et substantiv, f.eks. *Krátká ulice* (Kort gate). Det mest brukte substantivet i de tsjekkiske gatenavnene er appellativet *ulice* (gate), her forkortet «*u.*». Blant de andre er *alej* (allé), *třída* (stor gate) eller *nábřeží* (brygge), brukt for gatene langs Vltava-elven. Plassene heter *náměstí*, tidligere også *trh*. En stor gruppe gatenavn har et possessivt adjektiv laget av et personnavn, og disse gatene ble oppkalt etter mer eller mindre kjente personer.

De eldste gatenavnene

Gatenavnene er dokumentert i historiske kilder første gang på slutten av 1300-tallet, men ifølge arkeologiske funn skulle gatene være eldre (Lašťovka og Ledvinka 1997, s. 9). De eldste navnene representerer tre ulike tendenser i gatenavngiving – etter aktivitet, etter utseende og etter bygninger de førte til – og mange av dem brukes fremdeles.

Det er vanlig at gater i gamle byer først ble benevnt etter hva slags aktivitet som foregikk der, og også i Prahas sentrum er en stor gruppe gatenavn knyttet til forskjellige yrker. De forteller oss om hva slags arbeid man drev med i Praha i fortiden. Et eksempel kan være *Celetná ulice*, navnet på en av de mest kjente og eldste gatene i Prahas historiske sentrum. Navnet på denne gågata er i dag for de fleste tsjekkere uforståelig. Adjektivet *celetná* (f.) er et gammeldags ord som ikke lenger er brukt eller kjent av tsjekkere. Gaten ble oppkalt etter *caletník*, en baker som laget et slags bakverk kalt *calta* (Lašťovka og Ledvinka 1997, s. 107).

Selv om Prahas gatenavn av denne typen går tilbake til middelalderen, har mange av dem overlevd til i dag, og de fleste, med unntak av *Celetná ulice*, er fremdeles forståelige og lette å forklare eller knytte til rett type

yrke, f.eks. *Řeznická u.* (Slaktergaten), *Truhlářská u.* (Snekkergaten), *Havířská u.* (Gruvearbeidergaten), *Zlatnická u.* (Gullsmedgaten), *Kozí* (Geitehandelgaten). Det samme motivet har inspirert navn på plasser som *Koňský trh* (Hestetorget, handel med hester) og *Dobytčí trh* (Buskapstorget, handel med buskap). Men som vi senere skal se, beholdt ikke disse plassene sine opprinnelige navn.

En annen gruppe av Prahas gamle gatenavn inneholder et adjektiv som forteller om gatas utseende eller karakteristiske trekk, f.eks. *Dlážděná ulice* (Brolagt gate) eller *Dlouhá ulice* (Lang gate). Navnet *Dlouhá ulice* er dokumentert først i 1310 (Laš'ovka og Ledvinka 1997, s. 138). Gaten som fikk navn etter sin lengde, er i dag bare 370 meter lang, men i middelalderen var den med sine 520 meter den lengste gaten i Praha, enda lengre enn *Celetná ulice* (400 meter).

Det var også vanlig på den tiden å oppkalle gatene etter sentrale bygninger (særlig kirker eller klostre) de førte til. Denne tendensen fortsatte også senere, særlig fra 1600-tallet, altså i tiden da den katolske kirke dominerte i landet. Eksempler på navn som fremdeles eksisterer, er *Havelská ulice* (Havel-gaten, etter St. Havel-kirken), *Klimentská u.* (Kliment-gaten, etter St. Kliment-kirken), *Benediktská u.* (Benedikt-gaten, etter St. Benedikt-kirken). Noen gatenavn ble knyttet til katolske ordener som eide bygninger i området, f. eks. *Dominikánská u.* (Dominikanergaten), *Jezuitská u.* (Jesuitter-gaten), *Karmelitská u.* (Karmelitter-gaten). Disse navnene nærmer seg ideologisk motiverte navn.

Ideologisk motiverte gatenavn

Det revolusjonære året 1848 førte til en ny tendens i gatenavngiving; de tsjekkiske patriotene begynte å innføre patriotiske gatenavn. I den tiden fikk Prahass største plass *Koňský trh* (Hest-torget) et «finere» navn, *Václavské náměstí* (Václav-plass) etter Sankt Václav, den katolske helgenen og landets skytshelgen. Navnet *Dobytčí trh* (Buskapstorget) ble byttet til *Karlovo náměstí* (Karels plass), og *Jezuitská ulice* (Jesuittergaten) ble til *Karlova ulice* (Karels gate). Begge navnene var knyttet til kong Karel IV og har overlevd til i dag.

Flere andre gater ble oppkalt etter kjente personligheter fra den tsjekkiske historien, men det var ett unntak: Under habsburgernes autoritet og den katolske kirkes dominans var det forbudt å oppkalle gater etter personligheter knyttet til den tsjekkiske protestantiske bevegelsen. Blant dem var f.eks. Jan Hus (ca. 1369–1415), den religiøse tenkeren, reformatoren og den første tsjekkeren som reiste seg mot overmakten – i dette tilfellet mot den katolske kirke. Han ble ekskommunisert og brent på bålet den 6. juli 1415 i Konstanz i Tyskland. I dag er 6. juli offentlig helligdag i Tsjekkia, og nesten hver tsjekkisk by har en gate oppkalt etter Jan Hus.

Men på 1800-tallet var det vanskelig å gjennomføre forslaget å bytte gatenavnet *Dominikánská ulice* (Dominikanergaten) til *Husova ulice* (Hus' gate). Gaten ligger i nærheten av Betlémská kaple (Betlehem-kapellet) hvor Jan Hus prekte, og til slutt fikk den det nye navnet i 1870, takket være en petisjon med fire tusen underskrifter av Prahás borgere (Lašťovka og Ledvinka 1997, s. 226–227).

Gatene benevnt etter kjente personligheter fra den tsjekkiske historien begynte å bli frekvent allerede i 1870-årene. Det var særlig noen personer som ble veldig populære i denne sammenhengen, blant andre den tidligere «forbudte» Jan Hus, og det skjedde ofte at flere gater i en by ble oppkalt etter den samme personen. Hvis man ikke hadde byttet gatenavn, ville 39 av Prahás gater ha vært oppkalt etter Jan Hus i dag, fordi det var en Hus' gate i hvert nytt strøk som ble opprettet.

Blant de andre personlighetene som hadde flere gater i Praha oppkalt etter seg, er den blinde hærføreren Jan Žižka, forfatteren Karel Havlíček Borovský (hver 38 gater), komponisten Bedřich Smetana og pedagogen Jan Ámos Komenský (hver 32), historikeren og forfatteren František Palacký (27) (Lašťovka og Ledvinka 1998, s. 18).

Bruk av de patriotiske navnene ble «kompensert» av gatenavnene etter habsburgerne og de østerrikske-ungarske statsmennene. Men etter kollapsen til det habsburgske monarkiet mot slutten av første verdenskrig og opprettelsen av den uavhengige staten Tsjekkoslovakia den 28. oktober 1918 kom en massiv gatenavneendring i hovedstaden. Det var først og fremst gatene oppkalt etter habsburgerne som fikk nye navn.

Flere av de nye navnene ble knyttet til protestantenes landflyktighet, kampen til de tsjekkosllovakiske legionærene i første verdenskrig eller berømte tsjekkiske personligheter (komponistene Antonín Dvořák og Bedřich Smetana, den første tsjekkosllovakiske presidenten Tomáš Garrigue Masaryk ofl.). Over fire hundre gater byttet navn (Lašťovka – Ledvinka 1997, s. 18), blant dem også gatene som hadde hatt politisk helt nøytrale navn før. Gaten som ble benevnt *28. října* (28. oktober) til minne om opprettelsen av Tsjekkoslovakia, hadde hett *Ovocná ulice* (Fruktgaten) før. Det var den nyetablerte stedsnavnkommisjonen som forhindret flere forandringer og begynte å regulere Prahás gatenavn.

Men det var som oftest politikere og deres politiske og ideologiske motiver som bestemte hva slags navn Prahás gater skulle bære. For eksempel skapte navnet *Husova ulice* (Hus' gate) nye problemer under andre verdenskrig fordi det var uakseptabelt for nazistene som okkuperte landet. Derfor het gaten igjen (denne gangen på tysk) *Dominikanergasse* i årene 1940–45.

Nazistene gav nye navn til gatene oppkalt etter tsjekkiske personligheter eller «Det tredje rikets fiender». De tsjekkiske komponistene Dvořák og Smetana forsvant fra Prahás gatenavn, og i stedet dukket Mozart

og Beethoven opp. Etter attentatet mot Reinhard Heydrich, protektor for Böhmen og Mähren, utført av tsjekkosllovakiske partisaner, fikk *Masarykovo nábřeží* (Masaryks brygge) navnet *Reinhard-Heydrich-Ufer*.

Også etter krigen kom en ny bølge av gatenavnendring. Gatene som hadde fått navn av okkupasjentene, fikk sine opprinnelige navn tilbake eller ble navngitt på nytt. Beethovenova ulice fikk det nye navnet *Opletalova ulice* (Opletals gate) i 1947 etter Jan Opletal, en medisinstudent som ble skutt under demonstrasjonen mot den tyske okkupasjonen i november 1939 (Lašťovka og Ledvinka 1998, s. 30). Massedeltagelsen ved hans begravelse den 17. november gav okkupasjentene foranledning til en massakre mot studentene og stengning av alle tsjekkiske universiteter og høyskoler. Dette utløste store sympatidemonstrasjoner for tsjekkerne i flere land, også i Norge, og dagen ble utpekt til en internasjonal Studentenes dag.

Under den kommunistiske regjeringen i Tsjekkoslovakia ble det ideologiske prinsippet viktigst i gatenavngiving. Mange ideologisk uakseptable gatenavn ble byttet slik at de svarte bedre til den nye politiske retningen. Gatene ble blant andre oppkalt etter representanter for arbeiderbevegelsen, kommunistiske ledere, sovjetiske personligheter eller personer fra kommunistisk litteratur, f.eks. Aleksander Fadejevs roman *Den unge garden*. I den tiden fikk Praha gatene som *Stalinova ulice* (Stalins gate), *Leninova ulice* (Lenins gate), *Nábřeží Bedřicha Engelse* (Friedrich Engels' brygge) eller *Stalingradská ulice* (Stalingradgaten).

Etter revolusjonen i 1989 kom en gatenavneendring igjen, men den var ikke så omfattende som under og etter andre verdenskrig. Man byttet bare gatenavnene hvor det var et skrikende behov for det (ca. 40) som *Leninova ulice* eller *Stalinova ulice*. Navnet *Nábřeží Bedřicha Engelse* ble beholdt og ble ikke endret før presidenten Václav Havel personlig uttrykte et ønske om det (Lašťovka og Ledvinka 1997, s. 30).

Ideologisk nøytrale gatenavn og deres gruppering

Ved siden av politisk motiverte gatenavn har det alltid i Praha vært en rekke ideologisk helt eller delvis nøytrale gatenavn. Med flere nye gater som trengte et navn, kom forsøk på å innføre et system i gatenavngiving, altså gruppere navn etter deres semantiske innhold. Blant de eldste gatenavnesystemene tilhører navn på gater i strøket Vinohrady, oppkalt fra 1880-årene etter tsjekkiske og andre slaviske byer, f.eks. *Písecká u.* (etter Písek i Tsjekkia), *Nitranská u.* (etter Nitra i Slovakia), *Varšavská u.* (etter Warszawa i Polen), *Záhřebská u.* (etter Zagreb i Kroatia).

Senere ble også navn på andre europeiske land og byer brukt som motivasjon for gatenavn i dette området. I dag finner man i dette strøket gater som *Francouzská u.* (Frankrike), *Ruská u.* (Russland), *Finská u.* (Finland), *Norská u.* (Norge), *Kodaňská u.* (København), *Madridská u.*

(Madrid). Men beliggenheten av gatene i området har intet forhold til landenes beliggenhet i Europa, f.eks. fører Norges gate nordover til Kroatias gate.

I flere strøk er gatene oppkalt etter byer og landsbyer i et bestemt område i Tsjekkia. For eksempel i Horní Počernice, som ligger i den nordøstre utkanten av Praha, fikk gatene navn etter lokaliteter i det nordøstre Böhmen. Men denne «geografiske» logikken er ikke alltid der. I Letňany (i den nordøstre delen av Praha) finnes det gater oppkalt etter lokaliteter i det sørvestlige Tsjekkia, og i Sobín, som er den vestligste delen av Praha, er gatene benevnt etter landsbyer i det sørlige Mähren (Štěpán 2009, s. 668).

I 1934 fikk ca. 50 gater i strøket Zahradní Město (Hagebyen) navn etter planter, f.eks. *Jahodová u.* (Jordbærgaten), *Malinová u.* (Bringebærgaten), *Pomněnková u.* (Forglemmegeigaten), *Sněženková u.* (Snøklokkegaten), *Slunečnicová u.* (Solsikkegaten), *Kopretinová u.* (Prestekragegaten). Dette gatenavnesystemet er fremdeles ett av de største og mest helhetlige i Praha (Lašťovka og Ledvinka 1998, s. 453).

Bestemmelsen om å benevne strøket og gatene på denne måten var ganske tilfeldig. Men i noen tilfeller er det en sammenheng mellom gatenavn og området. I strøket Hostivař, hvor universitetets idrettsanlegg ligger, er gatenavnene knyttet til idrett, f.eks. *Tenisová u.* (Tennisgaten), *Hokejová u.* (Ishockeygaten), *Lyžařská u.* (Skisportsgaten), *Golfová u.* (Golfgaten). I strøket Barrandov, som ligger i nærheten av Prahas filmatelierer, finnes det gatenavn oppkalt etter filmskuespillere, regissører osv. Gatenavn i strøket Lužiny, f.eks. *Archeologická u.* (Arkeologisk gate), *Bronzová u.* (Bronsegaten), *Mohylová u.* (Gravhauggaten), avspeiler det faktum at det har vært mange arkeologiske funn i området.

Men oftere er det ingen direkte sammenheng mellom gatenavnsystemer og området hvor gatene finnes. Praha har gatenavn oppkalt etter blant andre forfattere, litterære verker, personer fra den gammeltsjekkiske mytologien og komponister. Både Dvořák, Smetana, Beethoven og Mozart har nå hver sin gate i Praha. Forslaget om å kalle gatene i et nytt byområde opp etter emnene i Harry Potters bøker, ble avslått av stedsnavnkommissjonen for ikke lenge siden.

De fleste gatenavnesystemene er basert på semantiske sammenhenger. Formelle sammenhenger er langt sjeldnere, et slik eksempel kan være gatenavn i et bestemt område med samme forbokstav. Fra dette synspunktet er det mest gjennomarbeidede systemet i Újezd nad Lesy. Gatene er for det meste oppkalt etter byer og landsbyer i Midt-Böhmen (så det finnes en semantisk sammenheng her også). Navn på gatene som er parallelle med den største veien, begynner etter hvert (fra vest til øst) med bokstavene fra B- (*Barchovická*, *Bečvářská*...) til M- (*Machovická*, *Malešovská*...), navn på de vinkelrette gatene begynner på bokstavene

fra N- (*Načešická, Nadějovská...*) til Ž- (*Žárovická, Žehušická*) (Štěpán 2009, s. 668).

Oppsummering

De eldste gatene i Praha fikk navn etter ulike yrker eller bygninger de førte til. Noen av dem fikk karakteriserende navn. Patriotiske navn var typiske for andre halvdel av 1880-tallet. Etter 1918 kom navnene knyttet til protestantenes landflyktighet og de tsjekkosllovakiske legionærene. Nazistene under andre verdenskrig og kommunistene etter krigen innførte politisk motiverte navn.

Gatenavnene oppkalt etter mer eller mindre kjente personligheter var blant dem som ble byttet oftest med politiske forandringer. Samtidig ble det stadig vanligere å kalle gatene i et byområde etter et bestemt, ideologisk nøytralt emne, f.eks. planter. Denne trenden fortsetter i dag.

Litteratur

- Laš'ovka, Marek og Václav Ledvinka. 1997. *Pražský uličník. Encyklopedie názvů pražských veřejných prostranství*. 1. díl. Praha.
- . 1998. *Pražský uličník. Encyklopedie názvů pražských veřejných prostranství*. 2. díl. Praha.
- Štěpán, Pavel. 2009. Lokální urbanonymické systémy. I: *Zborník příspěvků z XVIII. kolokvia mladých jazykovedců. (Prešov – Kokošovce-Sigord 3. – 5.12.2008)*. Prešov, s. 667–669.

Martina Zirhutová
ma_ha@centrum.cz

BOTOLV I BUTULSBUGEN

Ei forseinka helsing til Botolv H. på 70-årsdagen

I veneskriftet *Botolv – onomastikkens harding* har Gulbrand Alhaug ei grundig utgreiing om mannsnamnet *Botolv*. Her skal det handle om stadnamnet *Butulsbugen* ²/but:ursbu:jen/ i Snillfjord (Sør-Trøndelag), som kanskje «inneheld (...) ein variant av mannsnamnet *Botolv*» (Aune 1995, s. 300). Mindre truleg er at namnet inneheld den nedsetjande personnemninga *butul* m. (sjå NO), som er kjend frå Innherad og Namdalen.

Sist på 1600-talet var Butulsbugen ein liten buplass under matrikkelgarden Fætta (gnr. 21) i Åstfjorden. Siste mannen i Butulsbugen heitte Johan og levde der rundt 1690. Etter hans dagar har ingen budd der, og jordflekken vart lagt under Fætta.

Namnet «Butulsbug» er først nemnt i eit manntal frå 1664. Leiglingen heitte Iver, og landskylda var 6 marklag. I Landkommisjonens jordebok frå 1661 er Iver kalla «nye rødere i Buttelsbøen». Seinare finn vi namnet skrive «Buttelsøen» (1688) og «Buttels Øen» (1723). Manntalet frå 1701 har «Buttelboeg». På 1800-talet vart namneleddet *-bug(en)* endra til *-vik* i skrift, men den gamle uttalen heldt stand.

Skrivemåtane «-øen» og «-bøen» er sannsynlegvis mistydingar og feilskrift. Det er heller ingen grunn til å tru at her har vore meir enn éin bu-plass. Mannsnamnet *Botolv* ser ikkje ut til å ha vore mykje bruka på våre kantar, men artig er at det fanst ein Botolv på Stolpnes i 1645. Garden Stolpnes ligg rett overfor Butulsbugen på andre sida av Åstfjorden.

Ei segn fortel at det budde ein handelsmann i Butulsbugen, og ein variant seier brennevinshandlar. Ein tredje variant fortel om to danske kvinnfolk som handla med krukker. Så kom eit snø- eller jordras og øydela alt. Det siste kan nok vera riktig, ein ser enno at det er rasmark i Butulsbugen. Brennevinshandlaren har vel folk dikta opp fordi dei trudde namnet hadde opphav i ordet *butul* 'flaske'. Dette ordet blir i dialekten uttala med palatal *l*-lyd og er derfor heller inga språkleg god tolking.

Konklusjonen må bli at stadnamnet *Butulsbugen* i Snillfjord nokså sikkert inneheld mannsnamnet *Botolv*, som her må ha vorte uttala *Buttul* (av eldre *Buttulf*) med tjukk *l*. Denne uttalen er elles godt kjend frå Nord-Trøndelag (jf. Alhaug 2010, s. 9). Og kanskje er det Botolv eller «Buttul» på Stolpnes i 1645 som av ein eller annan grunn har fått namnet sitt knytt til plassen.

Litteratur

- Alhaug, Gulbrand. 2010. Namnet Botolv frå 600-talet til i dag. I: *Botolv – onomastikkens harding. Veneskrift til Botolv Helleland på 70-årsdagen 9. juni 2010*. Red. Terje Larsen og Tom Schmidt. Oslo, s. 1–11.
- Aune, Kolbjørn. 1995. *Hemneboka. Tredje bindet. Gardssoge for Østre Heim*. Orkanger.

Kolbjørn Aune
kolbjorn.aune@hemne.kommune.no

SAGMERR OG SKRUKKEBU

To ord og fleire stadnamn

Stadnamni har interesse for spraakvitskapen, spesielt for dialektstudiet. Ein kann millom dei finna ukjende ord eller spesielle former av kjende ord. Og endaa til ein liten auke av ordskatten skal ein ikkje mismæta.
Gustav Indrebø (1921, s. 3)

I innsamlinga av stadnamn har eg kome over over to ord som ikkje ser ut til å vere registrerte i setelsamlinga til Norsk ordbok. Det eine er *sagmerr* f. Det andre er *skrukkebu* f. Begge orda har belegg i fleire sørnorske stadnamn.

***Sagmerr* f.**

Dette var eit ord eg kom over då eg i 1990-åra samla stadnamn på Levangsheia, ein del av Kragerø kommune i Telemark, eit grenseområde til Aust-Agder. På garden Bruntangen (gnr. 7, bnr. 2) er det ein liten attgrodd jordlapp som heiter *Sagmerrjordet*. Informanten forklarte namnet med at ei *sagmerr* ein gong stod på denne staden, der dei skar opp last for hand. For denne kjentmannen (f. 1913) var *sagmerr* f. eit levande appellativ, som tyder det same som oppgangssag, *sagbukk*. Ord som *sagebom* og *skjerebom* har eg funne brukt om det same lenger vest (Birkenes, Aust-Agder). Ordlagingsmåten er i analogi med *sagbukk*, *sperrebukk*, *skyttebukk* og *sengehest*, om stativ, noko som er laga til for å stå stødt. Eit anna stadnamn, *Sagmerra*, kom eg over 4 km lenger vest, i skogen til eit bruk under Levang (gnr. 6, bnr. 13). *Sagmerra* er ei gras-slett inne i skogen der dei ganske sikkert har rigga til ei liknande oppgangssag. I dette siste tilfellet hadde ikkje informanten tradisjon å vise til (sjå Haslum 2004; sjå også 2. hefte nr. 15 og 8. hefte nr. 35 [1999 og 2000]).

***Skrukkebu* f.**

Som stadnamn har *Skrukkebu*a (uttalt med kort, trong *o*-lyd og tostavings tonelag) fleire belegg. Det er registrert eit par stader i *Norske Gaardnavne* (NG) av Oluf Rygh. Det første er eit bruksnamn i Vestre Moland (gnr. 13, bnr. 2, no Lillesand kommune, Aust-Agder, sjå også Mollatt 1992). Eldre skriftformer er <Skrukkeboe> (1670) og <Schrucheboe> (1723). I NG er namnet kommentert slik: «... vel beslægtet med Skrukke m. og Skrukka f., Rynke, Fure, maaske gjennom Elvenavn, jfr. NE S. 229» (s. 144). Same namnet finst på ein nedlagd husmannsplass under garden Bjelle i Tveit (no Kristiansand kommune, Vest-Agder). Namnet var framleis kjent då Ole Verner Wennerberg rundt 1994 samla stadnamn på Bjelle, og hustufta er enno synleg (innteikna på turkartet Tveit,

OK Sør, 1995 [rute F8-9]). Også denne plassen er nemnd i NG, skreven «Skrokkeboe» 1723. I dette bandet av NG, som kom ut sju år seinare, er forklaringa endra: «Maa komme af Skrukka f., liden Kurv af Bark eller Næver» (s. 7). Her har tolkaren kome på rett veg. Men om dette med skrukkebu er det meir å seie. Desse stadnamna inneheld nemleg eit samansett appellativ som er godt forklart av læraren og lokalhistorikaren Arent Stensvand (1844–1944) i 1941, som me skal sjå. Før det vil eg berre leggje til at eg har kome over eit namn *Skrukkebusteinen* i Vegusdal, men der har ein ikkje lenger tradisjon om opphavet. Det er ein stor stein 500 m sør for garden Buli, like i vestkanten av den nye fylkesvegen (rundt 1 m høg, flat på toppen og noko brei). I Skolebarnsoppskrifta for Buli er det notert både *Skrukkebua* (ei li) og *Skrukkebusteinen*. Det namnet som er kjent i dag, er altså eit sekundærnamn.

Læraren og skolemannen Arent Stensvand skriv i ein artikkel frå 1941 om «Laksefisket i Tovdalselven» dette om ordet *skrukkebu*:

De såkalte buer eller skrukkebuer er et godt vitnesbyrd [om «at vassdraget i tidligere dager har vært en utmerket lakseelv»]. I den katolske tid eiedes en mengde gårder av kirken, således Mollestad og Flå, og fisket foregikk med garn ved Flå og Senumstad samt i Herefossfjord. Da det trengtes et hus til å oppbevare garna i, ble der opsatt såkalte buer (boder) med tak over. Når disse undertiden kaltes «skrukkebuer» eller skrukkeboder, så kom det derav at søkkene på garna var innsydd i neverskrukker. Slike bruktes til fiskegarn helt opp i [18]60-årene, og hadde betydelige fortrinn, fremfor de poser av ulltøy som stenene ble innsydd i. De lot seg lettere lette opp når fiskens snute tørnet i garnet, og gjorde at fiskene meget snarere fikk innviklet seg i nettet. Ved sammenlikning viste det seg bestandig at søkker av neverskrukker hadde fortrinnet. I de tider hvor der var lite tøy til slike bruk var skrukker enn mer tjenlige på grunn av sin billighet. | En skrukkebod stod i Tveit nedenfor Bufossen og den bod som senere ble brukt til å hakke bark i nede mot Kjevik, og som senere kaltes Hakkeboden, var en opprinnelig fiskebod eller skrukkebod. (Stensvand 1941/1999, s. 27–28)

På slutten her får me òg ei forklaring på namnet *Hakkebua* i Tveit, som står utolka i NG. Sigmund Buestad har forklart Hakkebua slik: «Ved fjorden her har stått ei bu hvor folk hakket bork til garnfiske» (Setelsamlinga til Norsk stadnamnarkiv, 1951).

Litteratur

Haslum, Vidar. 1995. *Tveit*. Turkart. Utgitt av OK Sør i samarbeid med Tveit historielag. Kristiansand.

- Haslum, Vidar. 2004. *Stedsnavn fra Levangsheia. Tilrettelagt for språkvitenskaplig og lokalhistorisk utnyttelse*. Bergen.
- Indrebø, Gustav. 1921. Um innsamling av stadnamn. *Maal og Minne* 1921.
- Mollatt, Per. 1992. *Navn i Lillesand*. Lillesand.
- NG = Oluf Rygh. *Norske Gaardnavne*. 1905. Nedenes Amt, v. A. B. Larsen. 1912. Lister og Mandals Amt, v. A. Kjær.
- Stensvand, Arent. 1941/1999. Laksefisket i Tovdalselven. *Birkenes Historielag. Årsskrift* 18/1999, s. 21—28.

Vidar Haslum
vidar.haslum@uis.no

STADNAMN I SOGNDAL – SEDDE FRÅ AMERIKA

På biblioteket i Sogndal fann eg nyleg ei bok på femti sider som heiter *Navne i Sogndal*, skriven av Nils Johan Lystrup-Ness, fødd i 1872. Han kom frå garden Nes i Sogndal, men utvandra til Amerika i 1892. Boka er trykt i Chicago i 1951.

I føreordet til boka skriv han at han alltid har vore interessert i norske stadnamn og oppkoma deira, og at han i Amerika har forska på namna i eit miljø der. Han viser til eit hefte som ein gong vart utgjeve av Sogndal Sogelag, der opphavet til gardsnamna var tolka. Men Lystrup-Ness har ikkje late seg imponera av tolkinga, der det meste er teke frå «en prof. Ryghs utgave». I boka skriv han at han «blev storligen forbauset over navnenes forvrengte stavemåte og uttydninger deri». Han går så langt at han indirekte samanliknar Rygh med «negeren som trodde og paastod at Gud var svart av hudfarge».

Lystrup-Ness er overtydd om at mange gardsnamn og andre stadnamn kjem frå andre land og verdsdelar, og at over 90 prosent av namna kjem frå personnamn. Derfor «kom smilebaandene uvilkaarlig i bevegelse flere gange» då han las om stadnamn som var tolka til å koma frå terreng og naturtilhøve. I boka har han «tolka» over hundre gardsnamn og andre stadnamn i Sogndal, samt at han har ei liste på ca. 120 personnamn som han «haaper snart vil komme på mote igjen».

Sjølv så er eg overtydd om at dei heller vidsveimde teoriane til Lystrup-Ness har ført til fleire feiltolkingar. Det trengst sterke argument for å gå imot professor Rygh. Om garden Kjørnes (skrive <Thiørnes> i 1563) er tolkinga i *Norske Gaardnavne* bd. 12, s. 82 (som det lokale sogeheftet byggjer på): «der har vel tidligere været drevet Tjærebrænding». Ness, som er oppteken av uttalen av namna, skriv om *Kjørnes* (lokalt uttala

«Tjødnes»): «Det navn fik den styggeste medfart av alle gaardsnavne i Sogndal, for det mistet sin forbokstav. Det blev omdøpt til Kjørnes. Det kommer av navnet Tjød, som ble skrevet Tjod i den eldste tid.» Dette med at bokstaven *K* i *Kjørnes* er uhistorisk, har han for så vidt rett i, men det gamle ordet *tjod* ('folk') passar ikkje med uttalen.

Ness tek òg føre seg fleire teignamn. Som eitt av fleire døme kan eg nemna stadnamnet *Hesjeteigen*. Han hevdar at namnet kjem frå personnamnet *Hesje* som han også seier vert skrive «Hesche» og «Heschi». Det som Lystrup-Ness ikkje visste, var at i Sogndal er det fjorten andre stader som heiter *Hesjeteigen*, og at alle desse er små slåttemarker som ligg i utmarka der det ikkje er dokumentert busetjing. Eit anna namn er *Stakksengi*. Sjølv så skriv han «Stackseinji» og tolkar namnet til å koma frå personnamnet «Stack» eller «Stake». Her i Sogndal er det også andre utmarksteigar som heiter *Stakksengi* på liknande måte som *Hesjeteigen*. Dette var stader som vart onna, og der det vart sett opp hesjar og høy- og lauvstakkar. Desse må difor vera opphavet til namna. Sjølv om Lystrup-Ness kjem med mange fantasifulle namneforklaringar, kan han ha rett i sumt av det han skriv. Det er i alle fall moro å lesa boka.

Kjell Magne Hillestad
6856 Sogndal

HVA ER DET MED VEFSN?

På veggene på Mosjøen videregående skole henger seksten diplomer fra konkurransen Unge forskere, hele seks av dem førstepriser, fire andrepriser, tre tredjepriser og resten deltakerdiplomer fra finalen. De aller fleste gjelder stedsnavnoppgaver, et par studier og sammenligning av dialekter på Helgeland og dialektrelaterte studier for øvrig.

Hvorfor har så nettopp denne skolen utmerket seg i denne konkurransen? Svaret ligger nok innenfor feltet engasjerte elever og lærere, relativt tung vekt på særemnet i norsk, samt rike lokale kilder for akkurat slike studier.

Den første prisen kom allerede i 1987, da Kjell Arne Skoglund fikk førstepris og tur til Paris for særemnet sitt om stedsnavn på Røssvassholmen i Røssvatnet i Hattfjelldal kommune. Dette emnet var spesielt interessant siden store deler av den dyrkbare delen av holmen (egentlig ei øy) ble neddemt i forbindelse med reguleringen av vatnet siste halvdel av 50-tallet. Dette var et naturinngrep som ville ha vært utenkelig i dag, men som bidro til å skaffe kraft som la grunnlaget for den store industriutviklinga i kommunene Vefsn og Rana på Helgeland.

Neste førstepris ble delt mellom to jenter, Lena Vildem og Mari-Ann Aakerøy, i 1991 for oppgaven «En komparativ analyse av dialekter på ytre og indre Helgeland».

Førstepris nummer tre gikk til Linn Mari Andersen i 2003. Hun leverte et særemne med studier av stedsnavn i Undredal i Sogn, et godt stykke unna Mosjøen, men hennes mors hjemplass.

I 2008 gikk førsteprisen til Sanne Marja Utsi for en oppgaven «Stedsnavn i Voengel Njarke Reinbeitedistrikt», et nybrottsarbeid innenfor den sørsamiske kulturen, der mange navn kun lever i muntlig tradisjon. Skolen har lang erfaring i samarbeid med samiske kurs- og kompetansesentre, i dette tilfellet Røros.

Vinneren i 2010 og (foreløpig?) siste er Elisabeth Tverås oppgave om stedsnavn fra hennes hjemsted, gården Tverå i Vefsn, kalt «Navn gjennom generasjoner». Dette arbeidet høstet stor ros fra fagkonsulent Botolv Helleland og fra juryen i Proscientia, og jeg siterer konklusjonen: «Dette er et imponerende arbeid som i omfang og gjennomføring viser solid faglig innsikt når det gjelder å samle inn og utnytte lokale stedsnavn som kilde til lokalhistorie. Arbeidet er et bidrag til å ta vare på en sterkt truet kulturarv. Juryen er imponert og belønner arbeidet med en 1. pris i humanistisk klasse i årets konkurranse.»

Den direkte årsaken til at vi kom i gang, var at undertegnede, som var faglærer for Kjell Arne Skoglund, gjerne ville ha en ekstra kompetent vurdering av hans særemne. Jeg gikk derfor til norsklektor og daværende studieinspektør Kjell M. Øksendal, som skrev hovedoppgaven «Utviklingstendenser i Vefsnmålet» i 1970. Han ble svært begeistret for arbeidet, og det var han som visste om konkurransen Unge forskere. Mange skolefolk rundt omkring har trolig den oppfatning at dette er en konkurranse først og fremst for realister, men faktum er at i 2010 var det flest påmeldte deltakere i humanistisk klasse.

Slik kom vi i gang, og siden var påmelding og de praktiske sidene av saken mye enklere.

På vår skole har særemnet i norsk ganske stor plass, og vi har lagt vekt på at elevene får akkurat det: et emne som er særegent for hver enkelt. Mange elever har utvist stor entusiasme og lagt utrolig mye arbeid i disse oppgavene, og de har gjerne (bestandig) blitt mye større enn elevene først hadde tenkt seg. Eksempelvis er Elisabeth Tverås oppgave på over 130 A4-sider. Etter hvert har disse arbeidene gått inn som viktige kilder for historielag og museer i distriktet. Mange av navnene eksisterer/eksisterte bare i muntlige overleveringer, og da gjerne hos informanter godt opp i årene. Mange av de første informantene er nå borte, og navnene med dem, hadde det ikke vært for disse særemnene. Hvor dramatisk dette er, kan jeg nok en gang belyse med Elisabeths arbeid: Av de vel

120 navnene hun hadde forklart, var det bare to–tre navn som kunne belegges med skriftlige kilder.

Undertegnede, som er innflytter fra Trøndelag, men med over tretti år i Vefsn, og som selv bærer et sammensatt stedsnavn fra Ålen i Sør-Trøndelag, blir stadig fascinert over den rike floraen av stedsnavn her på Helgeland. Hvis vi tar en tilfeldig klasse (1MDD) på 25 elever på Mosjøen videregående skole i 2010, finner vi: Almås, Arnes, Bentseng, Berg, Drevland, Grønvik, Haugstad, Heimstad, Leknes, Moen, Myhre, Nyland, Skog, Solem, Solvang, Strand, Turmo, Tveråli, Tveraa, Vikestad og Wika. 21 av 25 mulige; er det rart at elevene blir interessert i stedsnavn!

Og i en annen klasse (3B): Fjellbekkmo, Garsmark, Grønvik, Grøtheim, Haustreis, Heggen, Nordås, Ravnå, Rynesli, Røneid, Simskar, Skaret, Stien, Storsve, Syrstad, Tverå og Ånes. Vefsn er i tillegg kjent bl.a. gjennom programmet «Typisk norsk» for mer eksotiske navn av typen *Bergsnev* og *Luktvaslimo*. Her skulle det være rikholdig materiale også for kommende forskere.

Av lærerne med spesiell interesse for språk og dialekter er allerede lektor Kjell Øksendal nevnt. Han ble pensjonist for noen år siden, men fremdeles har vi lektor Per Sjøvik, som skrev hovedoppgaven «Fonetikken i Vefsn-målet i 1984». Hver høst har Sjøvik holdt kurs i Norvegia-lydskrift og tilhørende trykkmarkeringer for årets navnegranskere. Ofte har han også bistått med råd og dåd underveis i arbeidene. Lærere med interesse og solid fagkompetanse er utvilsomt et annet suksesskriterium for å løfte i utgangspunktet flinke elever enda høyere opp.

For å oppsummere suksesskriteriene slik som vi ser det:

- Gi eleven frihet til å velge særemne etter interesser og anlegg
- Oppmuntre og anspore disse elevene til innsats
- Faglig sterke, engasjerte og interesserte lærere
- Skolene må være klar over denne muligheten til å eksponere elevenes arbeid

Olav Skårdalsmo,
Mosjøen
olav.skaardalsmo@nfk.no

BOKOMTALAR

VENESKRIFT TIL BOTOLV HELLELAND

Botolv – onomastikkens harding. Veneskrift til Botolv Helleland på 70-årsdagen 9. juni 2010. Red. av Terje Larsen og Tom Schmidt. Novus forlag, Oslo 2010. 167 sider.

Då nr. 50 av *Nytt om namn* blei sendt ut for nokre månader sidan, kunne Botolv Helleland sjå tilbake på 25 år som ansvarleg redaktør. Og meir jubileum har det blitt. Den 9. juni 2010 runda Botolv 70 år. (Mest ikkje til å tru!) På ei markering den dagen kunne dei to kollegaene gjennom mange år, Terje Larsen og Tom Schmidt, presentere eit veneskrift til jubilanten. Omslagsbiletet skulle høve ein harding: eit vestnorsk fjordlandskap, fruktbløming, grønne lier og snøkvite fjell. Innhaldet opnar med ei helsingsliste, så eit føreord på éi side skriven av dei to redaktørane. Deretter kjem hovudbolken, ei samling på sytten nyskrivne vitskaplege artiklar, der forfattarane er handplukka med tanke på å få til eit fagleg innhald som i høve til mottakaren står i stil: Ti norske, to svenske, to danske, ein finsk, ein islandsk og ein færøysk. Til sist kjem ein bibliografi over Botolv Hellelands publiserte arbeid, som byrjar med hovudoppgåva frå 1970, *Noko om stadnamn frå Haradangervidda vest*. Bibliografien viser ein mektig produksjon gjennom førti år, i eit imponerande mangfald av publiseringskanalar, heime og ute – og langt ute. Eg kan ikkje tru anna enn at Terje Larsen her må ha hatt ein stri tårn som bibliograf.

Først i rekka av forfattarar står Gulbrand Alhaug som kjem med ei djuptgåande undersøking av mannsnamnet *Botolv*, med geografiske variasjonar, frekvens og skrivemåtar gjennom seks hundre år. Me får vite at vår Botolv er oppkalla etter morfaren Bottolf Vatne frå Vatne i Gulen i Sogn. Dei to har altså ulik skrivemåte av namnet sitt, og vekslinga mellom enkel og dobbel konsonant er eit drag ved den generelle skriftfestinga som Alhaug går nøye inn på. Nokon artikkel om «Helleland» finn me ikkje i boka. Den er skriven før, i heidersskriftet til Nils Hallan (1991), og lyder «Hallan, Halland og Helland», av Botolv Helleland. Derimot finn me ein artikkel der «hardingen» står sentralt, av Inge Særheim. Stadnamn som inneheld innbyggjarnamn (inkolentnamn), er ei heller lågfrekvent gruppe, men er ein godt inne i store namnetilfang frå eit fylke som Rogaland, er det mogleg å vise eit pent utval. Etter ein innleiande del om inkolentnamn i stadnamn meir allment ser Særheim nærare på desse fire: *Hardangskjer*, *Hardangskjera*, *Hardangstøna* og *Hardangberget*. Han argumenterer godt for at alle desse bør tolkast som samansette med eit gammalt ord for *Hardanger*, men med ei tyding som

viser til innbyggjarnemne. Til to av namna er det levande tradisjon som forklarar namnet slik; dei andre to passar til eit liknande mønster. Som Særheim poengterer til slutt, er desse fire namna fine døme på at «ned-ervde lokale stadnamn er ein viktig kjeldetype, både når det gjeld språk-historie og kulturhistorie» (s. 131).

Fremst i stadnamngranskinga står namnetolking. Av typisk etymo-logiske artiklar er det i denne samlinga berre éin, Svante Strandbergs «*Kävra och Kävsta*». Forfattaren diskuteter ei mengd namn, både innsjø-namn og busetnadsnamn – svenske og norske, som kan innehalde same rota og som kan vere uttrykk for vassjuk mark. Svavar Sigmundsson dis-kuterer opphavet til eit par islandske fjellnamn, *Hafrafell* og *Göltur*, som har vore tolka som vanlege samanlikningar med bukk og galt. To gode fotografi viser karakteristiske formasjonar, som gjev grunnlag for alter-native tolkingar.

Ei side ved den innhaldsrike fagprofilen til Botolv er interesse for namneteori i både lingvistisk og filosofisk meining. I artikkelen «Sted-navne i ny funktion som stednavne» drøftar Vibeke Dalberg dei to typ-ane *semantisk sekundære namn* og *oppkallingsnamn*. Den første typen er ofte kalla *denotasjonsskifte*. Dalberg problematiserer dette ved å hevde at det ikkje alltid er tale om eit fullstendig skifte, og tek termbruken opp til kritisk drøfting. Oppkallingsnamn har grunnlag i heilt andre språklege prosessar enn semantisk sekundære namn, og det må bruken av terminologi ta konsekvensen av. Sirkka Paikkalas artikkel «Reasons for name changes in Finland» er den einaste engelskspråklege i samlinga. Paikkala ser namneendingar i lys av samfunnsendingar. Det moderne samfunnet har ein kompleksitet utan historisk sidestykke. Det har ført til framvekst av ei rad namnetypar som ikkje fanst tidlegare.

Då Thorsten Andersson fekk sitt heidersskrift i 1989, valde Botolv «stadnamn i ubunden form» som tema for sin artikkel. Frå sin kollega Kristoffer Kruken får han no ein om «Stadnamn i bunden form som for-ledd i samansette stadnamn». Kruken tek opp ein tråd frå Kristin Bak-kens «Markatur til Liahytta» (1998). Til tradisjonelle namn som *Kruksetran*, *Fossetran* og *Mosetran* kan ein i dag finne alternative former som *Krukensetra*, *Fossansetra* og *Moansetra*. Å forklare slike novasjo-nar ut frå ei regelrett systemending meiner Kruken er for enkelt. Dei nye formene har dukka opp etter at skriftspråket blei allemannseige. Han meiner former som *Krukensetra* og *Moansetra* ikkje er reint dialektale, men skriftspråkavhengige; dessutan at valet mellom tradisjonell og ny form er sterkt avhengig av konteksten. Den dialektale forma til primær-namnet «Kruken» er *Kruka*, men noka namneform **Krukasetra(n)* er ikkje brukt. Artikkelen inneheld nye innsikter, som som må telje med når ein skal ta stilling til både språkleg status og normeringsspørsmålet. Og normering er som kjent noko Boltolv har stelt mykje med. Det har også

Anne Svanevik, som tek utgangspunkt i ei formulering i den nye stadnamnlova, «Eigar eller festar kan fastsetje namn på eige bruk». Etter ein skarpsindig tekstkritisk gjennomgang av lova er konklusjonen hennar at det lovteksten hevdar, er ein illusjon eller i det minste ei sanning med modifikasjonar.

Botolv Helleland er den norske namneforskarer som framfor alle har merkt seg ut med eit breitt internasjonalt engasjement. Derfor er det gledeleg å sjå at to instruktive og innhaldsrike artiklar om det internasjonale organisasjonsarbeidet har kome med. Peder Gammeltoft skriv om «UNGEFN, de Forenede Nationers samarbejde om geografiske navne – en hjertesag for Botolv». Her får me ei oversiktleg innføring i verksemda til denne organisasjonen og i hovudoppgåvene han har. Katharina Leibring skriv om «ICOS og Norden». ICOS er ein internasjonal organisasjon for namnegranskarar som blei skipa i Brussel i 1949. Her har Norden alltid hatt ei sterk stilling. Botolv Helleland har vore styrerepresentant i to periodar (1993–96 og 1999–2002), i siste perioden som organisasjonens visepresident. Artikkelen gjer på ein interessant måte greie for historikk og aktuelle saker i seinare tid.

Ei anna hjertesak for Botolv har vore djupinnsamling, dei heilt lokale stadnamna. I meir enn tre tiår har han arbeidd hardt for å berge og kvalitetssikre så mykje som mogleg av denne folkeskatten, og store og gode resultat er oppnådde. To av artiklane har mikrotoponym som tema. Peter Hallaråker presenterer stadnamna i eit utskifningsdokument frå 1830 som gjeld garden Hallaråker i Bømlo kommune, og han gjev tilfanget ein filologisk analyse. Til saman har Hallaråker funne noko over hundre stadnamn, og det er eit uvanleg stort tilfang til denne typen dokument å vere. Dette landskapet er Hallaråker heime i. Heime er også Gudlaug Nedreliid når ho skriv om «*Durdeidumpa, Hovudbrotet* og andre teignamn i Gardsgrendi» (i Jostedal). Slike teignamn er gjerne nokså unge, men oftast ikkje lette å datere. I tilfanget har Nedreliid kome over eit interessant tilfelle i *Stovåkeren*, som ligg langt frå tunet, men heilt nær dei tuftene der gamletunet etter tradisjonen låg fram til ein brann i 1666. Om tradisjonen stemmer, er namnet *Stovåkeren* minst tre hundre og femti år gammalt. I begge desse artiklane er gjennomgangen ordna på om lag same måten, etter objektstype med ein tradisjonell filologisk analyse innanfor kvar del. Hallaråkers presentasjon er uvanleg på den måten at namna – som for det meste framleis er kjende – er *presenterte* (ikkje berre *tilviste*) med den gamle danske skrivemåten. Den tekstlege heilskapen gjev derfor eit uvanleg inntrykk, eit slags omvendt Ivar Aasenopplegg: dansk med nynorsk forklaring.

Eit par av artiklane handlar om personnamn. Olav Veka har sett på tilhøvet mellom mannsnamn og patronym under overskrifta «646 *Kittelsen*, men ingen *Kjetilsen*». Særleg er det dei patronymlause personnamna

med lang tradisjon som er undersøkte og drøfta. Blant dei stivna patronyma kan ein somme tider finne lokale og sjeldne former av personnamn. Veka har funne fem som skriv seg *Klengsen*, men ingen **Sømjosen*. I Sand og Suldal var mannsnamnet *Orm* utbreiddt, men har no gått heilt or bruk, og det er heller ikkje registrert nokon berar av eit stivna patronym **Ormsen*. Frå Færøyane kjem Eivind Weyhe med ein artikkel om stadnamn som er brukte som tilnamn på personar. Weyhe presenterer mange døme, på ein oversiktleg måte der forma på busetnadsnamnet og det sjølvstendige tilnamnet er samanlikna.

I grenseområdet til andre disiplinær hamnar Marit Hovdenaks «Namn i Nynorskordboka», ein artikkel som tek opp ei mengd prinsipielle spørsmål om namn og leksikografi. Jamt over har ordbokredaktørar hatt ei restriktiv haldning til eigennamn, og Hovdenak presenterer ulike syn. Ho siterer her Botolv Helleland, som har kritisert den restriktive tradisjonen. Som artikkelen sterkt poengterer, vil arbeid med ordbøker alltid innebere nok av problemstillingar som grensar til namnegransking, ikkje minst av di mange ord er avleidde av eigennamn, som *eritreisk*, *finnmarking*, *hamarsing*, *darwinisme*. Ola Stemshaug gjer greie for orda «*Ulv* m. og *varg* m. i målføre nordafjells» og ser på etymologi, geografisk utbreiing og bruk i skriftkulturen. Artikkelen er forsynt med fine og instruktive kart. I 1970-åra var det målførekunnskap, formidla gjennom skole-radioen, som var med på å gjere namnet Botolv Helleland kjent. Medarbeidaren hans frå den tida, Eric Papazian, er representert med ein større artikkel, som detaljert og systematisk behandlar utviklinga av dei eldre konsonantgruppene /sl/, /tl/ og /tʌs/ i norsk. Artikkelen er ei oppdatering av eit emne som Einar Haugen for snart sytti år sidan gjorde ei større gransking av.

Det som kjem etter artiklane, er som nemnt ein svært innhaldsrik bibliografi, til ein meister i fagformidling på alle vis, og ein namnegranskar som gjennom førti aktive år har greidd å sjå namna, og særleg stadnamna, frå svært mange interessante sider. Dette mangfaldet har redaktørane strevd for å få til ei avspegling av i den boka som no har kome. Og resultatet skulle tale for seg: Her er det mykje som faginteresserte kan glede seg over.

Vidar Haslum
vidar.haslum@uis.no

VENNESKRIFT TIL KRISTOFFER KRUKEN

Kristoffers namnerike. Veneskrift til Kristoffer Kruken på 60-årsdagen 18. august 2010. Red. av Margit Harsson og Botolv Helleland. Institutt for nordiske og lingvistiske studium, Universitetet i Oslo, Oslo 2010. 212 sider.

Fleire norske namngranskarar har vorte heidra med fest- eller veneskrift dei siste åra. Eg hugsar i farten Gulbrand Alhaug, Oddvar Nes, Tom Schmidt og Ola Stemshaug. I år kom det to til, Botolv Helleland og, no aller sist, Kristoffer Kruken. Dette er vel fortent, men fortel nok dessverre at gjennomsnittsalderen i fagmiljøet er på rask veg opp. Det er ikkje berre positivt. Ein 60- eller 70-års namnegranskar er truleg heilt på topp, men har unekteleg brukt opp mange gode år.

Veneskriftet til leksværingen Kristoffer Kruken inneheld nitten artiklar han har skrive mellom 1982 og 2004. Ti av artiklane handlar om personnamn, og det er nok på dette området Kruken har gjort størst innsats hittil. Det er freistande å kalle han den fremste personnamngranskaren her til lands. Han markerte seg for alvor da han saman med Ola Stemshaug (redaktør) gav ut *Norsk personnamnleksikon* i 1982. I dette verket gjorde Kruken eit stort og godt arbeid som redaksjonssekretær. Her skreiv han den solide oversynsartikkelen om personnamn «Frå reformasjonen til den nordiske namnerenessansen». Dette er ein av ti studiar om personnamn som har fått plass i veneskriftet.

Svært grundig og metodisk interessant er artikkelen «Endringstakt i norske manns- og kvinnenamn på 1900-talet», som vart trykt første gongen i 1999. Hovudresultatet er at kvinnenamna har endra seg raskast. Det visste vi vel meir eller mindre frå før, men her blir det grundig dokumentert. Samtidig syner Kruken at «mannsnamna tydeleg har nærma seg kvinnenamna i endringstakt dei siste 10–20 åra» av 1900-talet. Kruken sjølv reknar «dette for den viktigaste frukta av artikkelen», og meldaren er einig. Eit anna eintydig resultat er at namneskikkane endrar seg mykje fortare sist i hundreåret enn åtti–nitti år tidlegare. I ein artikkel i *Veneskrift til Tom Schmidt* (2008) har Kruken gått vidare med dette emnet. Bibliografien over Krukens vitskaplege arbeid (sjå nedafor) har dessverre feil sidetilvising for artikkelen. Rett skal vera s. 123–134.

Fleire av artiklane handlar om nokså uvanlege førenamn som *Pros* (1991), *Singdal* (1993), det bibelske *Mirjam* (2002) og *Jarmann* (2004). I ein interessant studie frå 1992 viser Kruken at kvinnenamna *Albjørg*, *El(d)bjørg* og *Helbjørg* mest truleg er dialektvariantar av *Hallbjørg*.

Kristoffer Kruken har også skrive om stadnamn, men her har han vore mykje mindre produktiv enn når det gjeld personnamn. Fem studiar om stadnamn har fått plass i veneskriftet. Dei fleste namna han drøftar, er

henta frå grenselandet mellom Nord- og Sør-Trøndelag, men namn som *Tørkvislan* (1982), *Skjellevatnet* og *Skjerivatnet* (1989), *Akjørja* (1991) og *Svalbakkheia* (1992) bør kunne interessere mange. To av artiklane er først trykt i den lokalhistoriske publikasjonen *Årbok for Fosen*. Det tener jubилanten til ære at han har delt kunnskapen sin med folk i heimetraktene. I artikkelen om *Langbekken* (1987) viser Kruken med døme frå heile landet at namnet kanskje ikkje alltid tyder det dei fleste trur.

Når det gjeld husdyrnamn, er Kristoffer Kruken utan tvil den fremste granskaren her til lands. Saman med Asbjørn Karbø har han gjeve ut fagleg solide, men samtidig populære bøker om kunamn og geitenamn (1991 og 1994). Han har også skrive artiklar om namn på andre husdyr, men her er resultatene litt meir foreløpige. Venneskriftet har funne plass til ein artikkel om kunamn i indre Sør-Trøndelag på 1900-talet: «*Russland, Dagens og Fia*» (1994).

Kristoffer Kruken har også drive fagleg utgjevingsarbeid. To artiklar i venneskriftet har utspring i dette. Artikkelen «Sophus Bugges brev» (trykt 1995) er opphavleg eit foredrag han heldt året etter han gav ut språkgranskaren Bugges brev i tre store bind (1090 sider). Her finst viktig stoff for den som vil studere utviklinga i den filologiske vitskapen. I samarbeid med Terje Aarset gav Kruken ut den første ordboka til Ivar Aasen på nytt i 2000. Dette er bakgrunnen for artikkelen «Kor mange ord inneheld *Ordbog over det norske Folkesprog* (1850)», som vart publisert same året. Kruken reknar seg fram til 25 000 sjølvstendige ord. Tidlegare overslag har variert frå ca. 17 000 til 27 000 ord. Personleg tykkjer eg spørsmålet er forholdsvis lite interessant, men Kruken argumenterer som vanleg godt.

Dette venneskriftet trur eg kanskje har føresetnader for å nå ein noko større lesarflokk enn fagkollegaer og studentar. Det kjem av jubилantens makelauser evne til å gjera fagstoffet smakeleg og fordøyeleg for fleire enn ekspertar. Botolv Helleland har skrive ei innleiing der han gjer greie for Krukens vitskaplege innsats. Samtidig gir han sympatiske glimt av mennesket og vennen Kristoffer. Venneskriftet sluttar med helsingliste og «Bibliografi over Kristoffer Krukens vitskaplege arbeid». Oversynet er laga av Terje Larsen, som ser ut til å ha gjort godt arbeid. At eg har greidd å finne éin feil, er vel meir artig enn kritikkverdige. Til slutt står att å rose redaktørane Harsson og Helleland for eit fornuftig utval av artiklar. Dei har gjort det lettare for oss å finne fram til viktige punkt i Kristoffers rikholdige namnerike. Og det var vel meininga.

Kolbjørn Aune

kolbjorn.aune@hemne.kommune.no

NAMN I VARTEIG

Kåre Hoel: *Bustadnavn i Østfold*. Bd. 9 *Varteig* ved Tom Schmidt. Utg. av Institutt for lingvistiske og nordiske studier, Universitetet i Oslo. Oslo 2010. 203 sider, med kartinnlegg.

Prosjektet *Bustadnavn i Østfold* minner litt om ordbokverket *Norsk Ordbok* (NO), som begge har pågått over lang tid, bustadnamnprosjektet sidan 1950 og NO sidan 1930, og som begge femner vidt. Det fyrste var opphavleg planlagt som ein omfattande revisjon av det atten band store *Norske Gaardnavne* (1897–1924), og det siste skulle vera ei fullstendig «Ordbok over det norske folkemålet og det nynorske skriftmålet», sannleg krevjande prosjekt både fagleg og økonomisk. Begge prosjekta går framleis, men medan NO vil verta avslutta i 2014 med tolv band til hundreårsjubileet for den norske grunnlova, etter vedtak i Stortinget i 2001, er det meir uvisst med framtida for bustadnamnserien som no ligg føre med ni band, alle frå Østfold med grunnlag i professor Kåre Hoels etterlatne arbeid. Sidan 1994 har altså ni band komme ut for ni herad i Østfold etter den gamle heradsinndelinga, som skulle tilseia 680 band i ein landsdekkjande serie for dei 680 landherada som fanst før kommunesamanslåingane frå 1960-åra! Det er knapt realistisk å venta ein nasjonal serie i framhald av denne fylkesserien, men dette fylket med sine 22 herad vil etter alt å dømma sjå serien fullført.

Det er to røynde og sikre utgjevarar som følgjer same mønsteret i utgjevinga av manuskriptet etter Hoel, som arbeidde med grunnmanuskriptet til *Bustadnavn i Østfold* frå 1950 til han døydde i 1989. Tom Schmidt har ansvaret for dette bandet og fire av dei føregåande. Arbeidet med serien så langt har vore delt mellom Schmidt og Margit Harsson.

Det er ikkje så mange som kjenner til Varteig i dag, vil eg tru, etter at det gamle heradet som låg inneklemt mellom Rakkestad, Skjeberg og Tune, gjekk inn i bykommunen Sarpsborg i 1992. Varteig var eit av dei minste herada i Østfold.

I band I av NG, *Smaalenenes Amt* (1897), tok Rygh hovudsakleg for seg matrikelgardar og berre unntaksvis bruks- og plassnamn. Den noverande og meir omfattande tittelen *bustadnavn* femner om stadnamn av alle slag der menneske har budd fast over kortare eller lengre tid. Rygh skriv over 9 sider frå Varteig herred om ca. 60 namn, av dei 12 bruksnamn, mot snautt 400 namn over 200 sider i dette bandet for det same området. Kor stort behovet er for ein skikkeleg revisjon og ei utviding av NG, vert godt illustrert av at dette eine bandet erstattar desse 9 sidene.

Opplegget dei følgjer i denne serien, er kort sagt slik: Oluf Ryghs siterte kommentar er attgjeven i petit for å skilja han tydeleg frå teksten elles. Deretter kjem Hoels kommentar etterfølgd av Schmidts med ein

stolpe | før og etter |. Ingen lesar skulle såleis vera i tvil om kven som skriv kva.

Som døme kan me dra fram sjøelve bygdenamnet *Varteig* med eit om-diskutert føreledd *Var-* og eit enklare etterledd *teig*. Både Rygh, Hoel og Smidt finn etterleddet *teig* uproblematisk med den allmenne tydinga '(avgrenset) større eller mindre jordstykke'. Rygh seier at «Om 1ste Led bliver man uvis», og endar opp med ei nokså lausleg forklaring om «et ellers ukjendt Elvenavn», som han har for vane i slike tilfelle. Hoel av-viser eit elvenamn i føreleddet og drøftar to andre alternativ utan å dra nokon sikker konklusjon. Schmidt avsluttar artikkelen med å visa til eit svensk ord *vara* 'obebygd mark, stenig skogshöjd' som ei meir nærliggjande forklaring på føreleddet. Denne tydinga kan passa godt på det kuperte terrenget i Varteig, som dessutan ikkje ligg så langt frå det svenske språkområdet.

Etter den fem sider lange omtalen av bygdenamnet følgjer namn på matrikkelgardar, bruk og husmannsplass med *Hasle* som gardsnummer 1, av eit bekkenamn avleidd *hassel* (treslaget), etterfølgd av det gjennom-siktige bruksnamnet *Hasleødgarden*, plassnamna *Bingsbråten* av *bing* 'lite, inngjerdet jordstykke', *Haslelia* og *Julehytta* av mannsnamnet Jul (Jul Andersen, f. 1898).

Bustadnavn i Østfold er ein vitskapleg serie som kan vera lite tilgjengeleg for lekfolk med alle sine belegg i ei vanskeleg form, tilvisingar til norrønt og andre språk, krevjande etymologiar og eit notasjonsapparat som er ukjent for folk flest. Lesarar utanom fagmiljøet vil nok helst søkja ei enklare tolking og tyding av namn dei måtte støyta på. Dei fyldige registra i boka gjer det likevel enkelt å finna fram. Ved søk på *Varteig* i «Register 1. Stedsnavn i Varteig» vil dei verta viste til s. 17–21 der ei skumlesing vil leia dei til lettare tilgjengelege resonnement mot slutten av artikkelen. Resonnementa under gardsnamnet *Mortaua* s. 63–65 er ikkje fullt så lette å følgja, men slik må det vera i ei fagleg framstilling. Når tolkinga er komplisert, vert framstillinga ikkje så enkel som ein kunne ønskja. Eit kortfatta og pedagogisk forenkla samandrag på eit avsnitts lengd etter tyngre artiklar ville gjera namnetolkingane lettare å formidla til «vanlege» lesarar og gjera bruksverdien av serien monaleg større, men no har serien venteleg komme for langt til at disposisjonen kan endrast slik.

Boka er godt innbunden og trykt på skikkeleg papir med tydeleg trykk. På baksatsen vil lesaren finna den gamle heradsinndelinga for fylket som serien byggjer på, og eit laust kart av framifrå kvalitet over Varteig herred gjer det lettare for lesaren å orientera seg geografisk. For eit slikt band er 260 kr slett ingen upris.

Olav Veka
olav.veka@gmail.com

SÆROPPGÅVE UTVIDA TIL BOK

Anne-Katrine Meland: *Stedsnavn på Lovund med vekt på historie, kultur og arbeidsliv*. Finnblåsa forlag, [Lovunda] 2008. 219 sider.

Ikkje minst på Helgeland er det vanleg at vidaregåande elevar skriv sær-oppgåver om stadnamn. Hyggeleg er det når slike arbeid har kvalitetar ut over det ein i utgangspunktet har lov å vente. Det gjeld i høg grad for Anne-Katrine Melands *Stedsnavn på Lovund*, som no er blitt ei tiltalende bok, i eksteriør og format så vel som ved systematisk bruk av svært gode kart med med namnelister til og framfor alt rikeleg med førsteklasses fargefoto, mange av dei namna direkte i fotoet. Visste vi ikkje at data-utstyr er nyttig også for namnegranskarar, måtte iallfall denne boka vekke oss.

Sjølv seier forfattaren i forordet til boka, om sær oppgåva frå 2003: «Oppgaven omfattet rundt 200 stedsnavn. Da jeg var ferdig, følte jeg likevel ikke at oppgaven var helt ferdig. Det var mange navn i området som ikke var kommet med, og disse kunne bli bevart nå eller aldri. – Derfor har jeg de siste årene intervjuet lovundværingene, hvor de fleste har et langt yrkesliv bak seg, og hvor stedsnavnene har vært en del av fagterminologien.» Desse informantane er kort presenterte med foto, også det har utan tvil stor lokal interesse i samtida, så vel som for ettertida.

Forfattaren sluttar forordet med å be om tilbakemelding om feil eller manglar. Merknadene i denne meldinga må lesast i lys av dette og kan slett ikkje oppfattast som eit forsøk på «slakt» av eit solid arbeid:

Namna er for det meste skrivne i normert form (men ikkje altfor hardhendt, t.d. «Nøva», ikkje *Nova*) og med tilføydd uttaleopplysning som ikkje inneheld eigentleg lydskrift, men har *j* for å markere palatal og med *L* for «tjukk l», som i «skålljt» og «jæLe». Det fungerer greitt, i alle fall for dei som sjølv har eit talemål med palatalar. Såleis fortel oppslaget *Sandåkeren* /sa:nåker'n/ at ordet *sand* ikkje har palatal *n* i lovundmål. Men *Strømshøvve* som normert form av uttalen /strømshøvve/ og skriveform *Snasjen* til uttalen /snassjen/ ser mindre gjennomtenkt ut.

Det er eit sagn at det ikkje er nytta tonelagsmarkering i usamansette namn, men gjennomblading av dei 725 stadnamna i boka viser at dette er merkande i få tilfelle, som *Alteret*, *Remmen*, *Rundten*, *Sjella*, *Sjåta* og *Slima*. Elles finn ein i somme elevarbeid litt overdriven bruk av hermeteikn, men forfattaren har ikkje gått i den fella; teiknbruken er fornuftig, kanskje med eitt unnatak: Det trengst neppe hermeteikn rundt det allmenne nordnorske *ea* for ærfuglen med tilhøyrande e-hus, og klart inkonsekvent er «e-husene».

Boka er som sagt i opphavleg eit elevarbeid, men berre to stader er det funne formuleringar som med fordel kunne strykast: Under Rafsholman

står at «rafs er gammelnorsk og betyr stakk», og om Aslaugstellet heiter det at «stelle kommer fra svensk og betyr sted» – men det aller siste er rett nok.

Det er ikkje så lett å manøvrere prikkfritt mellom full normering og respekt for heimleg målføre, og «Hommartjønna» i staden for normert *Hummartjønna* er eit døme på det. «Rein» (uttalt /rein'/) 'graskant' kunne skrivast *Reinen* eller evt. *Reinene*, og «Bon» med den same stavingsberande forlenginga av *n*-en bør tilsvarande skrivast *Bonen* (at namnet har med *båe* å gjere, er lite sannsynleg). «Ettallet» kunne etter uttalen «ettjtaLe» rettare skrivast *Eittalet*, og den lokaliteten som heiter «sallme:nj» og er eit område med steinar og små sletter, bør vel få namnet normert til *Salmenden* evt. *-engen(e)*, ikkje «Sallmen»?

Desse få innvendingane må ikkje få skyggje for det faktum at boka med sin omtale av 725 stadnamn gir eit vell av opplysningar som sett namnetradisjonen på Lovunda inn i nasjonal samanheng, det vere seg t.d. foto av steinen *Lygaren* eller omtalen av *Vårfisklaget* med vising til andre stadnamn på Helgeland (jfr. *Bekkelaget* i *Norsk stadnamnleksikon*), omtalen av fiskeplassar som Lovundhavet og Samskallen, dertil Hanrevet, Slima o.a., vidare båe-, skjer- og holmenamn som *Fossan*, *Granbøen*, *Holten*, *Kvitbjørnen* osv. Dei rikelege illustrasjonane (m.a. kart med tredimensjonal framstilling av havbotnen!) gir lesaren høve til å kike forfatternen i korta, t.d. ved drøftinga av namnet *Rørvika* der det medfølgjande fotoet av Rørviksteinan viser at gno. *hreyrr* 'røys, steindunge' også kunne ha noko for seg.

Ein observant lesar vil nok stusse på opplysninga om at boka er gitt ut på Finnblåsa forlag i 2008, for kor held vel det forlaget til? Jau, ifølgje forfatternen er *Finnblåsa* namn på ein bekk på Lovunda: «Dette er sannsynligvis eneste spor av samisk bosetning på Lovund. Sjøsamene, som ble kalt finner før, betalte skatten sin med lundefjær, så vel som rypefjær. På sine tokter utover til Lovund for å fange lundefugl stasjonerte de trolig ved Finnblåsa. I jorda rundt bekken er det funnet skjeletter fra tusenvis av lundefugler.»

Bekkenamnet er vanskeleg å forklare, og eineståande – nesten. Det einaste som liknar, er *Oterblåsa* som namn på ei tjønn på Vega. No finst det tradisjon om jegerar som bles ei slags fløyte som gjorde oteren nyfiken og fekk han til å vente med å stikke av, og *oterfløyte* lik *oterpiper* er ordbokregistrert (NO bd. 8). Det kunne kanskje bli namn på stader der veidemenn brukte å sitte på lur etter dyret, men oterblåse og finnblåse lyder meir tvilsamt, så kanskje var det tale om ei heilt anna innretning. Men i tilfellet *Finnblåsa* gir boka ei tilleggsopplysning, nemleg at det ved bekken ligg ein stein som heiter *Finnblåsstainen*. Interessant også det, for kan hende var det steinen som opphavleg heitte *Finnblåsa*, evt. berre **Blåsa*, eit namn som neppe gav meining for norsktalande og smått

om senn vart knytt til bekken tett ved, for ein bekk der oteren gjekk opp, var vel meir i fokus enn sjølve steinen. I alle fall, sørsamisk *blaasa*, *plaassa* tyder heilt enkelt ‘stor stein som stikk opp av jorda eller opp av vatn’, og i dette tilfellet kan namnet ha blitt lånt inn i gammalnorsk så tidleg at det følgte med då lang *á* vart runda til *å*. Men det kan ikkje brukast til å forklare *Oterblåsa*, så siste ord om desse namna er ikkje sagt.

No er *Finnblåsa* neppe det einaste stadnamnet på Lovunda som fortel om gammalt samisk nærvære, fleire døme frå Anne-Katrine Melands arbeid kunne nemnast. Det går ut over ramma for denne bokmeldinga, som heller kan avrundast slik: *Stedsnavn på Lovund* gir smakfull presentasjon av namneskatten i og kring Lovunda, og forfattaren skal ha ros for at dokumentasjonen i ord og foto er så god at han ikkje berre er til glede for lovundværingane, men også gir namneinteresserte andre stader i landet solid bakgrunn for eigne meiningar.

Finn Myrvang
fmyrvang@gmail.com

DOKTORAVHANDLING OM SAMISKE NAVN

Kaisa Rautio Helander: *Namat dan nammii. Sámi báikenamaid dáruiduhttin Várjjaga guovllus Norgga uniovdnaáiggi loahpas.* [In the name of names. The Norwegianisation of the Sámi placenames in the Várjjat area at the end of the unionification periode of Norway.] Dieđut 1/2008. Sámi allaskuvla, Guovdageaidnu 2008. 317 sider.

Namat dan nammii er Kaisa Rautio Helanders doktorgradsavhandling, som hun forsvarte i disputas ved Siida-museet i Enare i Finland 20. juni 2008. I innledningen knytter Helander doktorgradsarbeidet opp mot sin mangeårige erfaring som sekretær for den samiske stedsnavnstjenesten, som har inspirert henne til å skrive denne avhandlingen. Som sekretær for stedsnavntjenesten opplevde hun blant annet en del motvilje mot samiske stedsnavn og ønsket å finne ut mer om hva denne motviljen bunner i. Hun uttaler også en målsetning om at det i bruken av samiske stedsnavn må fokuseres vel så mye på de samiske stedsnavnenes rett til å bli godkjent til offisiell bruk, som på språklige spørsmål og normerings-spørsmål. Helander har valgt å skrive sin avhandling på samisk, både av respekt for den språklige behandlingen av samiske stedsnavn og av hensyn til arbeidet med å utvikle samisk som vitenskapsspråk.

I sin avhandling undersøker Helander hvordan samiske stedsnavn er blitt behandlet i offisiell sammenheng i unionstida, med særlig fokus på

slutten av 1800-tallet, og hvordan et norsk navnetilfang gjennom politiske tiltak ble bygd opp i de samiske områdene. Dette har det hittil vært lite fokus på, bl.a. fordi toponymiske teorier hovedsaklig er språklige teorier, hvor man i liten grad vektlegger stedsnavn i samfunnspolitiske settinger og maktrelasjoner. Helander har bygd opp avhandlingen sin omkring en tverrfaglig teoretisk ramme med fokus på toponymi, geografi (politisk geografi og historisk kartografi) og samfunnshistorie, men med lingvistisk stedsnavnforskning som metodologisk utgangspunkt. Hun inntar et postkolonialt, politonomastisk forskningsperspektiv med formål om å bringe ny kunnskap om den nordnorske stedsnavnhistorien. Avhandlingen tar utgangspunkt i empiri som er samlet gjennom omfattende undersøkelser av arkivmateriale.

Avhandlingen *Namat dan nammii* består av tre hoveddeler. I del I (*Vuolggasajit*) redegjør Helander for formålet med undersøkelsen og avhandlingen og tar for seg stedsnavn som del av forskningen på samisk historie. Hun gir en grundig redegjørelse av terminologiske og metodologiske spørsmål i forbindelse med undersøkelsen. Blant annet peker hun på sider ved etymologisk eller språkhistorisk stedsnavnforskning som kan være problematiske dersom man ikke tar hensyn til de samfunnsmessige og politiske forutsetningene som lå til grunn for oppbyggingen av det norskspråklige stedsnavntilfanget i samiske områder. Helander problematiserer bl.a. inndelingen i *naturnavn* og *kulturnavn*, som er vanlig innen nordisk toponymisk tradisjon. Hun påpeker det problematiske i denne inndelingen som følge av at definisjonen av kulturnavn tar utgangspunkt i navnetilfanget til en agrar samfunnsform med fast bosetning, og at navnetilfanget som er tilknyttet andre kulturer eller næringsformer ikke blir definert som kulturnavn ved en slik inndeling. Dette til tross for at alle stedsnavn forutsetter menneskelig aktivitet og dermed er knyttet til menneskelig kultur (s. 53). Helander velger selv en inndeling i bosetningsnavn (*ássannamat*), naturnavn (*luonddunamat*) og teignavn (*gieddenamat*), og hun presiserer at termene i denne inndelingen er likestilte på den måten at de ikke henspeiler på noen hierarkisk inndeling eller verdivurdering av de ulike navneformene eller bruksformene de henviser til (s. 54).

I presentasjonen av forskningsfelt og forskningsmateriale viser Helander både til de samfunnsmessige og stedsnavnhistoriske særegenhetene ved det geografiske området. Hun har fokusert på gradteigskart og har valgt områdene som dekkes av kartbladene Z4 Nesseby og Æ6 Neiden som forskningsfelt, med andre kartblad i Sør-Varangerområdet (kartbladene Z-Ø, 5-7) som sammenligningsmateriale. Helander trekker opp hovedlinjene i bosetningshistorien for dette området, med begrunnelse i at stedsnavn og bosetningshistorie hører sammen. Hun tar blant annet for seg den norske koloniseringen av Varangerområdet, og hvor-

dan dette etter hvert reduserte samiske grupperes tilgang til tradisjonelle ressursområder og endret tidligere bosetnings- og næringsformer. Sør-Varanger er den «yngste» teritorielle delen av Norge, innlemmet i 1826. Dette området ble derfor prioritert i utarbeidelsen av gradteigskart, og Gradteig Æ5 Neiden var det første gradteigskartet som ble utarbeidet i Øst-Finnmark i 1893.

I del II (*Earáid eavttuiguin*) redegjør Helander for samfunnsmessige forutsetninger, offentlig politikk og myndighetenes strategier som lå til grunn for behandlingen av navnetilfanget i samiske områder. Blant annet tar hun opp utviklingen av *den norske historiske skolen*, som sterkt nedvurderte den samiske befolkningen, til tross for at samene ble sett på som urfolk. Helander ser også på todelingen innen fornorskningspolitikken. Fornorskningen var i utgangspunktet ikke rettet inn mot minoriteter, men gikk ut på å styrke norsk kultur og språk i forhold til dansk påvirkning. På midten av 1800-tallet gikk fornorskningen over til også å omfatte assimilering av etniske minoriteter. Fra 1840-årene ble det innen mange samfunnsområder vedtatt ulike tiltak med formål å fornorske samer (og kvener). Dette innbefattet etter hvert også retningslinjer for fornorskning av samiske stedsnavn.

I del III (*Báikenamaid dáruiduhttin*) går Helander dypere inn i navnematerialet. Hun viser hvordan arkivmateriale gir gode muligheter for å «gå bak» kartene og se på prosessene rundt innsamling, normering og fornorskning av samiske stedsnavn, selv om selve gradteigskartene inneholder relativt få samiske stedsnavn. I arkivene finnes ulike typer bakgrunnsmateriale som lå til grunn for utarbeidelsen av gradteigskartene, bl.a. stedsnavnslister som inneholder kommentarer og rettelser eller merknader fra navnekonsulentene, samt brevkorrespondanse mellom navnekonsulentene og kartverket. Med bakgrunn i analysen av materialet redegjør Helander blant annet for:

- frie navnepar
- parallellnavn
- navnetilpasning og navnelån
- toponymisk fortielse, hvor retningslinjene sa at dersom det fantes både et samisk og et norsk navn for en lokalitet, så skulle kun det norske navnet føres på kartet
- toponymiske underordning, hvor et oversatt eller konstruert norsk navn ble ført opp som hovednavn på kartet, og det samiske navnet ble oppført under det norske, i parentes og med mindre skrift.

Helander redegjør for hvilke semantiske løsninger som er valgt ved oversettelse og tilpasning av stedsnavn og navneledd, og hun viser bl.a. hvordan dette har innskrenket den semantiske og topografiske informasjonen som er implisitt i de samiske stedsnavnene. Dette skjer f.eks. ved at

mange samiske appellativer, som betegner topografiske enheter innenfor samme kategori, oversettes med ett og samme leksem til norsk. Som eksempel på dette nevner Helander navneleddene *gáisá*, *várri*, *čohkka*, *oaivi*, *njunni*, *aláš*, *skáidi* og *bávti*, som betegner ulike typer fjellformasjoner, berg og høydedrag – men som alle har fått endeledet *fjell* i den norske oversettelsen (s. 167). Hun redegjør også for hvordan navneoversettelse eller -tilpasning kan ha vært en flerleddet prosess, og hvor den norske navnevarianten ofte ligger fjernt fra det opprinnelige samiske navnet innholdsmessig.

Helanders avhandling er omfattende, og gjennom en kort bokomtale er det ikke mulig å gi en fullverdig presentasjon av emnene hun tar opp. De ovenfor nevnte temaene er trukket ut som eksempler på noen av de emnene og problemstillingene hun tar opp. Helander analyserer bruken av stedsnavn i politisk sammenheng og, i den forbindelse, strategier for toponymisk fortielse og toponymisk underordning. Dette er en helt nytt innen forskning på stedsnavn. Avhandlingen er rik på illustrasjoner og figurer som på en fin måte anskueliggjør emner og problemstillinger. Helanders avhandling er et pionerarbeid innen forskning på samiske stedsnavn, og den gir en grundig redegjørelse for hvordan fornorskningen av samiske stedsnavn på slutten av 1800-tallet og begynnelsen av 1900-tallet var resultater av bevisste politiske strategier og prosesser, og hvordan dette har gitt, og fortsatt gir, ringvirkninger for registrering og bruk av samiske stedsnavn. Avhandlingen er også verdifull i og med at den er skrevet på samisk, og dermed er et viktig bidrag i utviklingen av samisk som vitenskapsspråk generelt, og i utviklingen av terminologi for samisk stedsnavnforskning spesielt.

Marit Breie Henriksen
marit-breie.henriksen@samiskhs.no

NORSK ORDBOK I RUTE

Norsk Ordbok. Ordbok over det norske folkemålet og det nynorske skriftmålet. Band VIII. mugg-ramnsvart. Det Norske Samlaget, Oslo 2009. 1624 spalter + XII sider.

Norsk Ordbok (NO) er som vanleg i rute med stort mannskap, heile tretti leksikografar har vore engasjerte i redigeringa av dette bandet. Hovudredaktørane Oddrun Grønvik, Lars S. Vikør og Dagfinn Worren har alle lang fartstid i prosjektet, Vikør som hovudredaktør sidan band 4 i 2002. Laurits Killingbergtrø var ein av hovudredaktørane i det førre bandet,

men har no tydelegvis gått delvis frå borde etter over tretti års redaktørarbeid like sidan band 2 i 1978. Han er nemnd berre éin gong i redigeringslista i dette bandet. Ein slik kontinuitet borgar for konsekvens og kvalitet i eit prosjekt som ved lanseringa i 2014 vil ha vore under redigering i 84 år. Den krevjande organiseringa av arbeidet har Åse Wetås hatt ansvaret for som prosjektdirektør.

Hittil spenner dette bandet over flest bokstavar, *m*, *n*, *o*, *p*, *q* og *r*, men den siste bokstaven *r* fyller berre godt femti spalter fram til *ramnsvart* av i alt 1624 spalter. Som ventande er, tek bokstaven *q* minst plass med berre tretten oppføringar. Berre band 6 har så langt éin bokstav mellom permene med bokstaven *k*.

Manuskriptet for NO må i hovudsak vera grovredigert alt sidan fyrste hefta til band 1 i 1966, ikkje minst av omsyn til alle krysstilvisingane. Nyordet *quiz* i band 8 har ei slik tilvising til den norvagenserte forma *kviss* i band 6, men den siste forma er ikkje normert av Språkrådet der normeringsarbeidet har lege nede sidan omorganiseringa for nokre år sidan.

Manglande språkrådsnormering kan me også finna døme på under oppslaget *mus* med fleirtalsformene *myser* el. *mus* med det oppdaterte tydingspunktet «3 i edb, reiskap til å styra markør». Manglande normering kan vera forklaringa på at *datamus* ser ut til å kunna bøyast på vanleg måte med alternativ i fleirtal, men ingen nynorskskribent ville vel finna på å skriva *datamuser*? Bøyinga av *mus* i denne tydinga er uklar i nynorsk, men den regelrette fleirtalsforma *datamuser* ville nok falla mest naturleg for dei fleste, ei bøying som altså ikkje er normert eller «til-laten» i dag.

Under oppslaget *nordmann* møter me som venta uttrykket *Ola Nordmann* med stor N om ‘gjennomsnittsmenneske frå Noreg’. Den språkrådsrette forma *Ola nordmann* finn me derimot under oppslaget *Ola*.

Ei finlesing av alle dei tretten oppføringane under Q gjev høve til litt pirk i eit formuleringsavvik mellom oppslaget *qatarar* med forklaringa «frå staten Qatar på den arabiske halvøya» og oppslaget *omanar* i same bandet der det er valt ei anna og mindre presis formulering «frå Oman (land i Arabia)». Tilsvarande burde det her i parentes ha stått «land på den arabiske halvøya», fordi Arabia til vanleg vert brukt synonymt med landsnamnet Saudi-Arabia. Oman er ikkje ein del av kongeriket Saudi-Arabia slik parentes lett kan oppfattast.

Det er naturleg at ein lesar vil slå opp ord som han oppfattar som talemålsord. Eit slikt ord er *rab(b)agast*. Etter *Bokmålsordboka* skal opphavet vera det franske skodespelet *Rabagas* frå 1872, men påfallande er det likevel at bruken skulle få så vid utbreiing på så kort tid. Ledda i ordet fell dessutan godt saman med dei norske orda *rabb* og *gast* i NO med ei tilsvarande tyding, *rabb* m.a. ‘halvtullen, litt skræmeleg kar’ og

gast m.a. med tydinga ‘vill, hissig’. NO har sett dette nærliggjande samanfallet og føyer til «kanskje med innv frå I *gast*».

For bagasje og ferdagods av ulikt slag er ordtilfanget under P både nyansert og variert. Både *pakk*, *pank*, *pargas* og *pikk* har denne tydinga, det siste mest vanleg i uttrykket *pikk og pakk*. Ordet *pikk* liknar unekteleg på det forsterkande *pikkande* som i *pikkande lite* om noko som er svært lite, og *pikketer* ‘lite grann’, begge kjende frå Rogaland og nok oppfatta som så særmerkte at dei gjerne endar opp i samtalar om løgne dialektord. Som vanleg har NO opplysningar om det meste, tyding, bruksdøme og geografisk utbreiing, både for rogalendingar og alle andre. Det er berre å slå opp!

Det får berre våga seg, men det må seiast om kvart nytt band i NO: Rikdommen i norsk ordtilfang kjem dessverre sjeldan til uttrykk i dei to skriftmåla våre, i bokmål fordi stengsla mot folkemålet framleis er både tette og solide, og i nynorsk fordi dette skriftmålet framleis ikkje har slege gjennom med eit eige og særmerkt ordtilfang. Både bruks- og normeringsmønsteret i nynorsk ordtilfang har bokmålet som referanseramme. Gode, nyanserte og ikkje minst utbreidde ord som *nauva*, *olstra* og *pusken* har liten sjanse i mediespråket.

Nauva m.a. med tydingane ‘ta skade av’ og ‘hindra’ er utbreidd i alle fall over heile Sør-Noreg. Mest utbreidd vestpå er *olstra* m.a. ‘masa, gnåla’ utan at ein ser noko til ordet i vestlandspressa, og *pusken* eller *puskjen* m.a. ‘skral, småsjuk’ og ‘ruskut, ugreidd’ finst over det meste av landet. Korkje utbreiing i talemålet eller nyanseringsnivå ser ut til å hjelpa på frekvensen i det offentlege rommet.

I stadnamn vil dei fleste orda hentast frå terrengformer og jordbruk. Det er sjølvstapt knapt nødvendig å nemna at alle slike ord høyrer heime i eit ordbokverk av dette slaget, og når NO er fullført i 2014, vil ein namnegranskar ikkje lenger trenga bruka tid på å slå opp i einskildbøker som Aasens og Ross’ ordbøker for å finna tyding og bruk av ord ein søker.

Gjentaking vil det gjerne verta i ein generell omtale av eit nytt band i serien NO, men det kan likevel ikkje seiast for ofte at prosjektet formidlar eineståande og omfattande kunnskap om «det norske folkemålet og det nynorske skriftmålet», også i dette bandet. Som det sømer seg eit nynorskprosjekt av dette omfanget, er det prenta i Valdres Trykkeri A.s. på Fagernes, eit tungt og krevjande oppdrag, vil eg tru.

Når no band 8 står på rett plass i bokhylla, vert det stadig meir påfallande kor uryddig ryggnummereringa er. All tekst på bokryggene står vakkert på linje, men tala hoppar friskt opp og ned. Me ser spent fram til kvar 9-talet i neste bandet vil hamna!

SVENSK NASJONALATLAS OM SPRÅK

Språken i Sverige. Red. av Östen Dahl og Lars-Erik Edlund. Norstedts Förlagsgrupp AB, Stockholm [2010]. 176 sider.

I serien *Sveriges Nationalatlas* har det nyleg kome ut ei vakker bok med tittelen *Språken i Sverige*. Redaktørar er Östen Dahl og Lars-Erik Edlund, den siste velkjend i det nordiske namnegranskarmiljøet. I tillegg har det vore med over tretti medarbeidarar, alle ekspertar på dei einskilde fagfelta. Frå namnegranskinga kjenner me att Thorsten Andersson, Stefan Brink, Eva Brylla, Lennart Elmevik, Staffan Fridell, Göran Hallberg, Ann-Christin Mattisson, Eva Nyman, Mats Wahlberg. Sameleis finn ein kjende fagfolk bak dei andre disiplinane. Ei slik liste borgar for kvaliteten. Så er det då òg ein fin kombinasjon av fagleg framstilling og tiltalende bruk av kart, foto, teikningar og faksimiler.

Boka opnar med ei drøftinga av språkleg variasjon i tid og rom, deretter kjem eit stykke om språkslektskap og regionale drag. Dei to neste bolkane tek for seg ein del svenske dialektar og spesielle dialektord. Namnestoffet femner om tjue sider om stadnamn og ti sider om personnamn. Dei siste kapitla tek for seg minoritetsspråk og svensk i møte med andre språk. Til slutt kjem litteratur i utval og eit emneordregister.

Når det gjeld stadnamn, så har redaksjonen valt å ordna stoffet etter namnetype, eller rettare nammeleddtype. Av naturnamna er berre namna på *-anger/-ånger* og avleide namn på *-und* medtekne. Eit allment oversyn over naturnamn kunne ha forsvara ein plass, likeins ei prinsipiell drøfting av framvoksteren av bustadnamn. Av bustadnammeledda er desse omhandla: *-sta(d)*, *-inge*, *-löv*, *-lösa*, *-vin*, *-hem*, *-tuna*, *-by*, *-torp*, *-ryd/röd* med nærskylde former, *-säter*, *-måla*. Namneflokkar som er tekne med etter namneberar, er namn på nyare hus og villaer, gate- og kvartersnamn, namn på hus og vertshus i byane og namn på slott og herregardar. Alle desse har fått ei stor side eller vel så det kvar, med utfyllande distribusjonskart og andre illustrasjonar.

Personnamna har fått seks veldisponerte og innhaldstunge sider, skrivne av Eva Brylla. Stoffet er ordna til dels kronologisk, til dels tematisk, frå namneskikken i vikingtida til framvoksteren av det yngre fleirnamnssystemet og dagens namnemotar. Vegen frå binamn eller tilnamn er framstilt med illustrerande døme der forfattaren viser karakteristiske drag ved etternamnskikken til adelen, dei lærde, borgarane og bøndene. Til slutt får ein ei kort framstilling av dagens etternamnskikk slik han er regulert av namnelovene frå 1963 og 1982.

For rundt tretti år sidan planla Statens kartverk eit liknande band i serien *Noregs nasjonalatlas*. Det vart det ikkje noko av. Kanskje det no

er tid for å ta tanken opp att, særleg når ein ser kva svenskane har prestert.

Botolv Helleland
botolv.helleland@iln.uio.no

OMTALE AV MASTEROPPGÅVE

TØRST OG BARBEINT

Mona M. Hejer Holst Ystehede: *Tørst og Barbeint. En studie av navn premiært av Språkrådet*. Masteroppgave i nordisk, Universitetet i Oslo, våren 2010. 84 sider.

Den kryptiske tittelen på denne omtalen får si forklaring i den fullstendige tittelen på den ferske masteroppgåva, ein artig tittel om eit absolutt lesverdig og engasjerande emne. Sjølv sat eg i bilen ein stad på Austlandet berre for nokre få dagar sidan og passerte reklameskiltet *Hurtigruta Carglass®* som passar godt inn i emnet, men er ikkje inkludert i namnematerialet for denne undersøkinga. Første leddet i frasen er tvitydig og sit godt som blikkfang mens det siste er ei uheldig blanding av engelsk og norsk. Ein kan lura på kva innvendingane er mot å bruka *Bilglass* i siste leddet. Innblanding av engelsk og brot på norske rettskrivingsreglar, særleg bruken av stor og liten bokstav, er eit gjennomgåande trekk ved slike føretaksnamn, som forfattaren påviser i undersøkinga si.

Forfattaren har undersøkt 315 føretaksnamn som er premierte for godt namnevett av Språkrådet i åra 1995–2005, analysert dei etter ei rekkje kriterium for å finna fram til mønster og kategoriar i materialet og drøfta dei i lys av forskning og teori. Ho har også vurdert om namna stettar dei krava Språkrådet sjølv har sett til premieringa.

Føretaksnamn er eit sjeldan emne i alle fall innanfor norsk namnegransking der stadnamn og personnamn mest står i fokus, og forfattaren fortener ros for å ha teke opp denne namnetypen som gjerne vert rubrisert under «øvrigt namn».

Namngjeving av føretak er friare enn tilfellet er med andre namnegrupper, t.d. personnamn, med visse grenser for kategorien som rett nok har vorte meir flytande dei siste åra, men eit visst mønster vert likevel gjerne følgt. Ikkje uventa er det eit viktig krav at namnet på føretaket helst ikkje må vera registrert frå før. Slike enkeltståande namn er *List og*

Hempe (rammeverkstad) og *Marg & Bein* (sportsbutikk), mens *Hårek* og *Hårfagre* i namn på frisørsalongar nok kan finnast fleire stader.

Forfattaren drøftar felles trekk mellom kategorien «øvrige namn» og stadnamn og konkluderer med at dei ikkje er like nok til å hamna i same gruppa, m.a. vert den geografiske lokaliteten for føretaknamna uklar. Ho avviser også Bengt Pamps framlegg om å plassera føretaknamn under kategorien personnamn fordi eit føretak ikkje er nokon «person». Juridisk sett er det klare grenser mellom personnamn og føretaknamn.

Ho går gjennom teoretiske modellar for å prøva å kategorisera føretaknamn som ei eiga gruppe under «øvrige namn» etter språklege kriterium og funksjon. Dei kan plasserast under paraplyen «urbane namn», er private (*Høgtrykk* om eit trykkjeri) og ikkje offentlege (*Sjukehuset Innlandet*), konnotasjonane er viktige (*Siste Skrik* om reklamebyrå), dei spelar på humor (*Hei Sveis* om frisør), bokstavrim (*Topp Til Tå* om kroppspleie), lokal dialekt (*Snjo og taoe* om sportsbutikk), bryt ofte med offisiell rettskriving (*Kake-Bua* om kafé), osb.

Forfattaren konkluderer med at kriteria til Språkrådet stort sett er følgde ved tildelingane. Den frodige fantasien me i dag kan observa i skilt- og reklamejungelen, vil eg tru Språkrådets aksjon kan ha noko av æra for. I Hamar Arbeiderblad for 4. august 2010 kom eg tilfeldig over føretaket *Hvil vingene dagspa*, slett ikkje verst påkomme, klart meir fengjande og slåande enn det flate kjedenamnet *Baby shop* i same avisa.

Avhandlinga er lesverdig og har allmenn interesse. Sanneleg ikkje så ofte ein kan seia det om ei masteroppgåve.

Olav Veka
olav.veka@gmail.com

NASJONALE KONFERANSAR I NAMNEGRANSKING KONFERANSERAPPORTAR

1. Nasjonal konferanse i namnegransking. Foredrag og diskusjon frå ein konferanse på Blindern 23. oktober 1981. Institutt for namnegransking, Universitetet i Oslo 1982. (Hovudemne: Samiske namnearkiv og utgjeving av bustadnamn.) 68 sider.
2. Den 2. nasjonale konferansen i namnegransking. Blindern 19. november 1982. Foredrag og diskusjon. Institutt for namnegransking, Universitetet i Oslo 1983. (Hovudemne: Databehandling av stadnamn og personnamn.) 93 sider.
3. Den 3. nasjonale konferansen i namnegransking. Blindern 18. november 1983. Innleiingar og diskusjon. Institutt for namnegransking, Universitetet i Oslo 1984. (Hovudemne: Etterreformatoriske kjelder i namnegransking.) 120 sider.
4. Den 4. nasjonale konferansen i namnegransking. Blindern 22. november 1985. Innleiingar og diskusjon. Institutt for namnegransking, Universitetet i Oslo 1987. (Hovudemne: Lydskrift, særleg ved stadnamnregistrering.) 194 sider.
5. Den 5. nasjonale konferansen i namnegransking. Blindern 18. november 1988. Innleiingar og diskusjon. Avdeling for namnegransking, Universitetet i Oslo 1991. (Hovudemne: Skriftleg og munnleg normering av stadnamn.) 149 sider.
6. Den 6. nasjonale konferansen i namnegransking. Blindern 23. november 1990. Innleiingar og diskusjon. Avdeling for namnegransking, Universitetet i Oslo 1991. (Hovudemne: Vitskaplege prosjekt i namnegransking.) 146 sider.
7. Den 7. nasjonale konferansen i namnegransking. Blindern 19. november 1993. Stadnamn og kulturlandskapet. Avdeling for namnegransking, Universitetet i Oslo 1995.
8. Den 8. nasjonale konferansen i namnegransking. Blindern 22. november 1996. Namnegransking som studie- og undervisningsfag. Seksjon for namnegransking. Institutt for nordstikk og litteraturvitskap. Universitetet i Oslo 1997. 169 sider.
9. Den 9. nasjonale konferansen i namnegransking, Blindern 11. – 12. mai 2000. Namn gjennom 2000 år – namn i år 2000. Seksjon for namnegransking, Institutt for nordstikk og litteraturvitskap, Universitetet i Oslo 2000. 226 sider.
10. Den 10. nasjonale konferansen i namnegransking. Blindern 9. mai 2003. Gustav Indrebø og norsk namnegransking. Seksjon for namnegransking, Institutt for nordstikk og litteraturvitskap, Universitetet i Oslo. 130 sider.
11. Den 11. nasjonale konferansen i namnegransking. Blindern 10. november 2006. Personnamn og personnamnbruk i kronologisk, geografisk og sosialt perspektiv. Føredraga trykte i *Nytt om namn* nr. 44, s. 8–51, og nr. 45, s. 51–53.

Rapportane frå dei åtte fyrste konferansane kostar kr 60,-, rapporten frå den niande kostar kr 100,- og rapporten frå den tiande kostar kr 70,-. Kan tingast frå Institutt for lingvistiske og nordiske studium, Postboks 1102 Blindern, 0315 Oslo. Tlf. 22 85 43 75, faks 22 85 43 81, e-post: kristoffer.kruken@iln.uio.no.

NYTTIGE E-POSTADRESSER OG VEV-SIDER

Norsk namnelag har denne heimesida:

www.norsknamelag.no. E-post: **olav.veka@gmail.com**

Vil du ha e-postkontakt med redaksjonen av *Namn og Nemne*, så er adressa denne: **gunnstein.akselberg@lle.uib.no**

Vil du tinga bøker og skrifter frå Seksjon for namnegransking, kan du skriva, ringja, faksa eller senda e-brev til:

Institutt for lingvistiske og nordiske studium, Boks 1102 Blindern, 0315 Oslo
Tlf. 22 85 43 75, faks 22 85 43 81, e-post: **kristoffer.kruken@iln.uio.no**

ILN – Namnegransking har denne heimesida:

www.hf.uio.no/iln/forskning/grupper/namn/index.html

Dokumentasjonsprosjektet (stadnamn på nett): **www.dokpro.uio.no**

Forskargruppa i namnegransking ved UiB har denne nettsida:

www.uib.no/fg/namnegransking

Statens kartverk, Hønefoss, har denne heimesida:

www.statkart.no

Sentralt stadnamnregister (Norgesglasset):

<http://kart.statkart.no/adaptive2/default.aspx?gui=1&lang=2>

Internettadresse for dei viktigaste nordiske namneinstitutta og kartverka:

Danmark: **<http://nfi.ku.dk>**, **www.kms.dk**

Færøyane: **www.setur.fo**

Finland: **www.kotus.fi/svenska**, **www.nls.fi**

Island: **nefnir.is**, **www.lmi.is**

Sverige: **www.sofi.se/servlet/GetDoc?meta_id=1053**,

www.lantmateriet.se

Heimesida åt NORNA (Nordisk samarbeidskomité for namnegransking):

www.norna.org

Heimesida åt ICOS (International Centre of Onomastics):

www.icosweb.net

Heimesida åt UNGEGN (United Nations Group of Experts on Geographical Names): **unstats.un.org/unsd/geoinfo**